



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 03.07.2018  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 26.06.2018

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## SAKLISTE:


Saksnr	Innhold
PS 122/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 123/18	Protokoll frå førre møte
PS 124/18	Delegerte saker
PS 125/18	Referatsaker
PS 126/18	Budsjettrundskriv 2019
PS 127/18	Kjøp av leilegheiter
PS 128/18	Byutviklingsprosjekt Fosnavåg by - fullfinansiering av byggetrinn 1 og 2 i Klatreparken
PS 129/18	Søknad om oppstart av planarbeid: Detaljreguleringsplan for Kleivaneset, gnr. 35, bnr. 29 m. fl.
PS 130/18	Reguleringsendring B5 Vågsholmen - Slutthandsaming
PS 131/18	Detaljreguleringsplan for Elsebø - slutthandsaming
PS 132/18	Tiltakspakke 2017- bruk av restmidlar Delegerte saker frå avdelingane
DS 18/18	Godkjenning - søknad om å ta med skjenkebevilling til åpent arrangement (enkelt, bestemt anledning) - Sommarfesten 2018 Referatsaker
RS 28/18	Myrabakken bustadfelt - status pr. juni 2018
RS 29/18	Ferdigstilt regional kraftsystemutredning for Møre og Romsdal 2018
RS 30/18	Vannscooter - muligheiter kommunen har til å regulere/diskriminere.
RS 31/18	Forslagskasse - forslag til politikarane - svar til Thomas Spiro

**PS 122/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 123/18 Protokoll frå førre møte**

**PS 124/18 Delegerte saker**

**PS 125/18 Referatsaker**



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/955
		Arkiv:	124

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
126/18	Formannskapet	03.07.2018

### BUDSJETTRUNDSKRIV 2019

#### Tilråding:

Formannskapet sluttar seg til opplegget i budsjettrundskrivet slik det ligg føre.

#### Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kyrkjevevja

## Samandrag av saka:

Det er klart for ein ny budsjettprosess etter om lag same mønster som tidlegare år. Gjennom ein del politiske og administrative møter legg ein opp til at budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 blir vedteke i kommunestyret den 06.12.2018.

## Saksopplysningar:

### 1. INNLEIING

Dei budsjettansvarlege skal på bakgrunn av vedteken drift og budsjetttrundskrivet lage forslag til budsjett for sitt ansvarsområde.

Denne budsjettprosessen vidarefører ein klar ambisjon å kome inn i eit økonomisk handlingsrom der ein unngår unødig press på større budsjettkorrigeringar i driftsåret.

Dersom ein legg til grunn skatt og statleg ramme for dei siste driftsåra, så er Herøy kommune underbemanna i forhold etterspørsel og krav som blir stilte, og overbemanna i forhold til det finansieringsgrunnlag vi skal styre etter.

Målet over tid er å kunne legge fram eit driftsbudsjett/resultat med **2 % netto driftsresultat** (ekskl. RDA-midlar), og at drifta vår er realistisk justert i høve dette. Dette for å skape rom for framtidige finanskostnader knytt til investeringar i realverdiar, og vurdert ut frå at eit budsjett ikkje klarer å fange opp alle hendingar som skjer i løpet av eit driftsår.

Det er starta opp og førebels slutført ein prosess med effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak som også er vedteken i kommunestyret. Desse tiltaka må innarbeidast i budsjett 2019 og i økonomiplanen for etterfølgende år.

#### 1.1 Ekstraordinær drift

Tiltak som er midlertidige i 2018, skal ikkje automatisk førast vidare i 2019, men vere kommentert under «**nye**» **tiltak** i budsjett/økonomiplankommentarane.

Ein skal operere med lønn knytt til oppretta stillingsheimlar. Det vil seie at ein ikkje budsjetterer med vikarlønn og heller ikkje med sjukelønsrefusjonar.

Drift utover det som er finansiert som løpande drift, skal spesifiserast i kommentarane. Dette er drift knytt til mellombelse stillingar og auka aktivitet knytt til ekstraordinære situasjonar. Auka kostnader i samband med dette skal visast ved å opprette eit nytt tiltak i Arena der kostnadane vert spesifiserte og kommenterte. **Ein skal altså ikkje auke kostnadane i konsekvensjustert budsjett.**

Dette gjeld t.d. auka aktivitet for ressurskrevjande brukarar, overbelegg på sjukeheimane, ressursar til barnevern utover det ein har hatt som normalsituasjon finansiert i dagens driftsramme, tilpassa opplæring i grunnskulen osb.

## 2. FORSLAG TIL STATSBUDDSJETT

Forslaget til statsbudsjett for år 2019 vert lagt fram i oktober 2018. Innhaldet i statsbudsjettet får konsekvensar for kommunen sitt budsjett.

## 3. KONSEKVENSNAR AV ØKONOMIPLANEN

Ein ber om at alle **vedtak** som er gjort, og som vil få verknad for budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022, vert kartlagt og teke med i framlegga frå sektorane – *ved å opprette dei som nye tiltak i Arena. Slike tiltak må merkast som må-tiltak.*

Når dei økonomiske føresetnadane er endra, må investeringstiltaka i økonomiplanperioden vurderast nærare i budsjett-/økonomiplanhandsaminga.

### 3.1 Rammer - Bruttobudsjettering

Driftsnivået må reduserast i 2019 og i resten av økonomiplanperioden då det er sannsynleg at kommunane sine oppgåver vil auke i omfang, medan dei økonomiske ressursane vil bli reduserte.

Ein legg opp til at sektorane budsjetterer etter dagens driftsnivå når det gjeld løn i faste stillingar (lønsheimlane) og at dette inneheld dei føringane ein har lagt med omsyn til innhaldet og føresetnadane i dette rundskrivet. Sektorane må kritisk gå gjennom alle driftsutgifter og driftsinntekter med sikte på innsparingar og meirinntekter. Rekneskapan for 2017 og budsjettkontrollane hittil i 2018 kan vere til hjelp for denne gjennomgangen. Sektorane får difor ikkje tildelt noka ramme i denne omgang, men endeleg ramme vil verte fastsett basert på ein kritisk gjennomgang av driftsutgifter og driftsinntekter.

I K-sak 59/08 vart det vedteke at budsjettet frå og med 2009 skal vere på bruttonivå. Det vil seie at både utgifts- og inntektsramma vert fastsett og vedteke i kommunestyret. Det er difor viktig at ein budsjetterer desse rettast mogeleg (t.d. lik momskompensasjon både på utgifts- og inntektssida).

### 3.2 Nærare om budsjettføresetnadane

Mange av budsjettføresetnadane for 2019 er førebels usikre og eit skikkeleg anslag på nivået får ein først ved framlegginga av statsbudsjettet for 2019. Dette gjeld også pensjonstrekket til KLP og SPK. Lønsvekst, prisvekst, sats for KLP. SPK og Arbeidsgjevaravgift vert lagt inn sentralt av økonomiavdelinga og vert lik for alle.

### 3.3 Planlegging av nye tiltak

Nye tiltak som ein ynskjer å ha med i budsjett 2019 og/eller økonomiplanen for 2019 – 2022, skal planleggjast i god tid, slik at dei er fullstendig utgreidde til handsaminga av årsbudsjett/økonomiplan. Dei skal framstillast slik at samla økonomiske konsekvensar av tiltaket går klårt fram. Det er særskild viktig å få fram økonomiske konsekvensane ved alt som vert sett i gang i tida som kjem. Forslag som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, vert ikkje rekna som prioritert.

Den økonomiske situasjonen for kommunen gjer at svært få tiltak, som ikkje er sjølvfinansierande, kan bli realisert. Ein ber difor om realisme kring dette. **Det vert forventa at sektorane utviser kreativitet og prøver å finne rom for nødvendige**

**tiltak innanfor eiga ramme eller i samarbeid med andre.** Det er no nødvendig å gjere omprioriteringar og andre driftsendringar for å balansere dagens drift, før ein kan tenkje på nye tiltak.

## 4. SALDERINGSPROSESSEN

Skatt, rammetilskott og finans har tradisjonelt blitt budsjettert særst offensivt dei siste åra, noko som også viser seg å vere gjeldande for inneverande år.

Tiltak for å redusere netto ramme skal grupperast etter følgjande prinsipp:

1. Planlegge for bemanningsreduksjon ved naturleg avgang/avslutting av arbeidsforhold
2. Kritisk vurdering av tenestenivået i forhold til kva som er **forsvarlege tenester.**
3. Analysere inntekspotensialet, inklusive gebyr, brukarbetaling og eigedomsskatt.
4. Sal av bygg/eigedomar som vil gi reduserte finans- og driftsutgifter.

**Vert det stort gap i balansesituasjonen, må ein vere budd på at vi må redusere rammene for å oppretthalde primærtenestene til kommunen.**

Den er særskilt punkt 1 som utfordrar organisasjonen. Planlagt nedbemanning over tid krev gode handlingsreglar for prioriteringar av korleis vakanse skal handterast. Det er viktig å leggje til rette for prosess og involvering, og få fram ei oversikt over forventa naturleg avgang for 2019 og prioriteringar knytt til dette.

Sektorane må i budsjettarbeidet gjere spesielt greie for inntektssida. Herøy kommune har ved fleire høve hatt ein forsiktig prisvekst på sine tenester.

## 5. BUDSJETTPROSESSEN

### 5.1 Budsjetteringsprogram

Økonomiavdelinga vil i bruke ARENA budsjettprogramvare. Det vil bli gitt nødvendig opplæring i dette.

### 5.2 Årsbudsjettet er ein fullstendig arbeidsplan for året.

Budsjettet skal vere ein fullstendig arbeidsplan for året. Her skal den daglege drifta takast med. Like eins skal ein her gjere greie for evt. avviklingar av eksisterande verksemder/tiltak og planlegging av nye verksemder/tiltak.

### 5.3 Tiltak

Framstilling av råbudsjettet, og framskrivning av pris- og lønveksten skjer sentralt på bakgrunn av opprinneleg budsjett 2018. Leiarane syter for ajourføring av endringar i 2019 budsjettet (basert på t.d. nye politiske vedtak) samt kommentardelen.

Budsjettet vil verte drøfta i leiargruppa og formannskapet undervegs.

**Parallelt med budsjettarbeidet skal leiarane førebu enkeltsaker om endringar i avgifter og betalingssatsar for politisk handsaming.** Dersom det vert foreslått endringar i føresegnar må det takast omsyn til dette i førebuinga (jmf. forvaltningslova).

## 6. FRAMSTILLINGSMÅTE - DOKUMENTASJON

Budsjettdokumentet vert utforma med sektorane sine utdjupa kommentarar og grunngjevingar i eit eige vedleggshefte.

Sektorane skal m.a. skissere:

- vedleggshefte med forslag
- lovendingar, oppgåveendingar og endringar i målgruppene
- utfordringar og overordna vurderingar
- konsekvensar av vidareføring av verksemda
- konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester
- forslag til endringar og nye tiltak
- kommentarar til drift og investering

Dei budsjettansvarlege skal i sine budsjettforslag vise **nye heimlar** som vert foreslått oppretta. Det er ikkje likevel ikkje rom for "nye stillingsheimlar" i budsjett 2019.

Sektorane skal utarbeide eit organisasjonskart som viser korleis eige ansvarsområde er organisering og ansvar fordelt. Organisasjonskartet skal vise kven som har personalmynde, og kor mange heimlar i prosent/antal tilsette som ligg til kvart einskild ansvarsområde.

Budsjettering av løn (fast, variabel og alle tillegg) skal nøye kvalitetssikrast (opp i mot det framskrivne budsjettet).

## 7. ØKONOMIPLANEN 2019-2022

Økonomiplanen for perioden 2019 - 2022 skal også handsamast i desember 2018.

Nye tiltak på drifts- og investeringssida skal vere utgreidde. Det er ikkje er rom for nye tiltak utan at det vert gjort driftsomleggingar, omprioriteringar og eller kutt i tenester.

## 8. ARBEIDSPLAN

Budsjettet for år 2019 og økonomiplanen for 2019-2022 må utformast og presenterast etter slik framdriftsplan:

TID/FRIST	OPPGÅVE	ANSVAR
Juni	Prioriteringsdialog mellom formannskapet og leiargruppa. Formannskapet	
September	Informasjon til /drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane	Rådmann
21.09.2018	Sektorane utarbeider sine budsjett	i Arena



Økonomiavdelinga syter for kopiering av budsjett 2018 til budsjett 2019 med pris og lønsvekst som skissert i statsbudsjettet for 2019.

- 12.10.2018 Utforming av heilskapeleg budsjettframlegg og framlegg til økonomiplan 2019 - 2022  
Øk.leiar/rådm.  
- fullstendige budsjettkommentarar vert utforma  
- vedleggsheftet (budsjettkommentarane) vert utforma  
- rapportar og detaljbudsjett vert utarbeida (same prosedyre vert gjort for økonomiplanen)
- Okt/nov Formannskapet handsamar budsjett og Formannskapet økonomiplan og kjem med tilråding til kommunestyret.
- 20.11.2018 Formannskapet kjem med si tilråding til kommunestyret
- 22.11.2018 Budsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentlig ettersyn (annonse i Vestlandsnytt) Økonomileiar
- 06.12.2018 Kommunestyret handsamar budsjett og økonomiplan. kommunestyret

(Formannskapet har høve til handsaming i fleire møte fram til innstillingsmøtet)

Ein tek atterhald om at statsbudsjettet for år 2019 kan medføre endringar i rammer og opplegg for det vidare arbeidet. Alle må prøve å sette seg inn i det materialet kommunen får tilsendt i samband med budsjettarbeidet (t.d. "Grønt hefte") når det måtte ligge føre.

Dette rundskrivet vert også sendt til Kyrkja som føringar for deira ramme frå kommunen for perioden 2019 - 2022. Når det gjeld prosessane omkring budsjett- og økonomiplanarbeidet, vert det synt til arbeidsplanen. Spørsmål kan rettast til økonomileiar og/eller rådmannen.

Fosnavåg, 22.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/966
		Arkiv:	613

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
127/18	Formannskapet	03.07.2018
	Kommunestyret	23.08.2018

### KJØP AV LEILEGHEITER

#### Tilråding:

Kommunestyret godkjenner kjøpekontakt med Vågsholmen AS om kjøp av inntil 3 leilegheiter for inntil 11,0 mill kr med betaling i 2020.

#### Særutskrift:

- Vågsholmen AS v/Sindre Thorseth
- Eigedom, her
- Kommunalsjef samfunnsutvikling, her
- Økonomi, her

## **Vedlegg:**

- Kjøpekontrakt

### **Samandrag av saka:**

For å legge til rette for byutvikling og auka busetjing i kommunesenteret, rår rådmannen til at kommunestyret godkjenner kjøpekontakt med Vågsholmen AS om kjøp av inntil 3 leilegheiter for inntil 11,0 mill kr med betaling i 2020.

### **Saksopplysningar:**

I formannskapsmøte 06.02.2018 vart det drøfta ein førespurnad frå Vågsholmen AS om kommunen kunne vere interessert i kjøp av leilegheiter på Urholmen. I protokollen frå møtet står det:

«Førespurnad frå Urholmen om kjøp av leilegheiter på Vågsholmen.  
Saka vart drøfta.»

Formannskapet stilte seg positive til eit slikt kjøp for å sikre realiseringa av prosjektet, og gav ordføraren fullmakt til å kontakte utbyggjar om ein kjøpsavtale innanfor rammene i lovverk og økonomiplan.

I ettertid er det sjekka om kommunen kan gjere slikt direktekjøp i forhold til lov om offentlege innkjøp. Vi har fått avklara at lovverket opnar for slikt kjøp.

I økonomiplanen for 2018-2021 er det budsjettert med 18,5 mill til kommunale bustader i 2020 og 33,0 mill i 2021.

Det vart halde møte med utbyggjar 11.06.18 på ordføraren sitt kontor. I møtet vart det lagt til grunn at kommunen kjøper inntil 3 leilegheiter for inntil 11,0 mill kr og at kjøpekontrakten vert lagt fram for politisk godkjenning. Det er avklara med utbyggjar at betalinga først kan skje i 2020.

### **Vurdering og konklusjon:**

I samband med arbeidet med byutvikling er det lagt til grunn at auka busetjing i kommunesenteret er ein føresetnad for eit meir urbant og attraktivt sentrum med liv og røre.

Det er vidare lagt til grunn at kommunen vil vere ein kortsiktig eigar dersom det viser seg å verte stor etterspurnad frå private kjøparar. Kommunen kan då selje seg ut og bidra til realisering av andre prosjekt i sentrum.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner kjøpekontakt med Vågsholmen AS om kjøp av inntil 3 leilegheiter for inntil 11,0 mill kr med betaling i 2020.

Fosnavåg, 25.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

# KJØPEKONTRAKT – OPPGJØRSOPPDRAG

## Eierseksjon under oppføring

Oppdrag: <oppdragsnr>  
Formidling: <formidlingsnr>

---

Mellom: **<selger1>** org.nr. **<fødselsnr selger1>**

Adresse: <gateadresse selger1> tlf: <selgertlf>  
<postnr-poststed selger1>

heretter kalt Selger, og

**<kjøper1>** født **<fødselsdato kjøper1>**  
**<kjøper2>** født **<fødselsdato kjøper2>**

Adresse: <gateadresse kjøper1> tlf: <kjøpertlf>  
<postnr-poststed kjøper1>

heretter kalt Kjøper,

er i dag inngått følgende kjøpekontrakt.

Avtalen om kjøp er inngått mellom partene direkte, og megler skal kun bistå med å utarbeide kontrakt basert på partenes avtale, foreta tinglysing og gjennomføre oppgjør i tråd med partenes avtale. Evt. tvister mellom partene utenom selve oppjøret er megler uvedkommende.

Selger overdrar til Kjøper:

Eierseksjon nr. (ikke tildelt p.t.) på eiendommen gnr. <gnr>, bnr. <bnr> (event. utskilt parsell fra gnr.                    bnr.                    ) i <kommune> kommune. Hver seksjon vil bestå av en sameieandel i henhold til oppdelingsbegjæringen.  
Eiendommen er bestående av;

- leilighet nr.
- sportsbod
- biloppstillingsplass i garasjekjeller
  
- felles bruksrett til sameiets utvendige og innvendige fellesarealer. Hver seksjon består av en sameieandel i henhold til oppdelingsbegjæringen.

Ovennevnte kontraktsobjekt benevnes i fortsettelsen som "Boligen".

Selger forbeholder seg retten til å tildele bod- og eventuell biloppstillingsplass ved overtagelse.

Eiendommen vil bli seksjonert og seksjonsnummer tildelt innen overtagelse jf. punkt 9. Utbygger tar forbehold om antall boligseksjoner i sameiet.

Selger forbeholder seg retten til å avgjøre hvordan organisering av parkeringsanlegget, uteareal utenfor boliger i 1. etasje og bodene vil bli. Dette kan bli søkt organisert som

tilleggsdel(er) til Kjøpers boligseksjon, skilles ut som en egen eiendom, eller bli lagt som fellesareal med vedtektsfestet bruksrett.

Det tas forbehold om justering av eiendomsgrensene ved fradeling på bakgrunn av krav fra offentlige myndigheter.

## 1. KJØPESUM

Kjøpesummen for Boligen utgjør: Kr. <kjøpesum>,- kroner

\*\*\*<SALGSUMBOKSTAVER>

Kjøpesum for biloppstillingsplass utgjør: Kr. 250.000,-

Total kjøpesum Kr. \_\_\_\_\_

Betalingsplan:

1.2 Kontant innen overtakelse, jf. pkt. 4 og 9	Kr	,-
Til sammen	Kr	,-

Kjøpesummen er fast og ikke gjenstand for regulering.

## 2. OMKOSTNINGER

I tillegg til kjøpesummen må Kjøper uoppfordret betale til megler følgende omkostninger samtidig med sluttoppgjøret.

2.1 Dokumentavgift til Staten, 2,5 % av tomteverdi	Kr	<A4>,-
2.2 Tinglysingsgebyr for skjøte til Staten:	Kr	525,-
2.3 Tinglysingsgebyr for pantedokument	kr	525,-
2.4 Attestgebyr for pantedokument	kr	172,-
Totale omkostninger	kr	,-

Dokumentavgiften utgjør 2,5 % av tomtens salgsverdi på tinglysningstidspunktet for den enkelte seksjon. P.t. er tomteverdien antatt å være NOK \_\_\_\_\_,- pr kvm BRA for boligen. Det tas forbehold om endring i tomteverdien og dokumentavgiften på tinglysningstidspunktet.

Tinglysingsgebyr og attestgebyr beløper seg til kr 697,- for hvert panterettsdokument kjøper må la tinglyse på eiendommen i forbindelse med etablering av lån. Det tas forbehold om endringer i ovenstående avgifter/gebyrer.

## 3. FORBEHOLD FRA SELGER

Selger tar ingen forbehold.

## 4. OPPGJØR

Alle innbetalinger skjer til <opavnavn>, heretter kalt megler, klientkonto nr. <avdbankkonto>.

Oppgjøret foretas av DNB Eiendom, Seksjon Eiendomsoppgjør, 0021 Oslo, faks nr.

22 00 88 64. Alle opplysninger og dokumenter vedrørende handelen vil bli oversendt til Seksjon Eiendomsoppgjør. Kopi av alle innbetalinger skal fakses til 22 00 88 64 slik at overtagelsen ikke blir forsinket/utsatt. Kvittering kan mailes til [innbetalinger@dnbeiendom.no](mailto:innbetalinger@dnbeiendom.no). merket med oppdragsnummer <oppdragsnr> i mailens emnefelt. Husk i tilfelle å sladde personopplysninger, men de siste 5 siffer i kontonr. må fremgå.

Kjøperen skal betale i henhold til avtalt betalingsplan jf. punkt 1. Kjøpesummen og omkostningene regnes ikke som rettidig betalt før den er innkommet/valutert på meglers klientkonto.

For den del av kjøpesummen som ikke måtte være innbetalt til megleren i rett tid, enten dette er som følge av forsinket oppgjør fra kjøperens finansieringskilder eller av andre grunner, kan selger kreve at kjøper betaler forsinkelsesrente i henhold til lov av 17. desember 1976 nr. 100 om forsinket betaling (forsinkelsesrenteloven). Denne bestemmelse gir ikke Kjøperen rett til å forlenge betalingsfristen utover de frister som er avtalt i pkt. 1.

Dersom forfallstidspunktet for hele eller vesentlige deler av kjøpesummen oversittes 6 uker eller mer, betraktes oversittelsen som vesentlig kontraktsbrudd, som gir Selgeren rett til å heve kjøpet etter Bustadoppføringslova § 57.

Mislighold som nevnt skal anses som tvangsgrunnlag som nevnt i lov om tvangsfullbyrdelse av 26. juni 1992 nr. 86 § 13-2, 3. ledd bokstav e).

Selgeren har ved vesentlig mislighold fra Kjøper som gir rett til å heve kontrakten, rett til å få dekket sitt dokumenterte tap og dokumenterte påførte kostnader gjennom deknings salg.

Ved avbestilling reguleres erstatningen av bustadoppføringslovens § 53, slik at Selger skal ha erstattet hele sitt økonomiske tap ved Kjøpers avbestilling. Kjøper er gjort særskilt oppmerksom på at dette tapet – og derved Kjøpers ansvar ved avbestilling – kan bli betydelig, bl.a. avhengig av markedsutviklingen fra kjøpekontraktens inngåelse.

Dersom Kjøper avbestiller gjelder § 53 i buf.

Ved kontraktsbrudd/avbestilling fra Kjøpers side, vil Selger holde Kjøper ansvarlig for økonomiske tap og merkostnader som følge av hevingen. Bestilte endringer/tilvalg kan bli en del av det selger krever dekket. Hvis kontrakten ikke gjennomføres vil renter på innbetalt beløp tilfalle Kjøper.

Selger kan ikke disponere over delinnbetalingen før det har blitt stilt bankgaranti til kjøper jf. Bustadoppføringslova § 47. Kjøper kan kreve at Megler dokumenterer at slik sikkerhet er stilt før beløpet utbetales. Dersom slik bankgaranti ikke blir stilt, skal delinnbetaling(er) bli stående på meglers klientkonto inntil skjøtet er tinglyst og sluttoppgjør finner sted. Renter opptjent på klientkonto tilfaller Kjøper frem til garanti jf. § 47 er stilt, eller skjøtet er tinglyst, forutsatt at de overstiger 1/2 R.

Kjøper og selger samtykker til at sluttoppgjør kan foretas før skjøte er tinglyst mot fremlagt § 47 garanti tilsvarende hele kjøpesummen. (Forutsetter at kjøpers bank samtykker).

Selger tar forbehold om å heve avtalen ved forsinket betaling selv om Kjøper har overtatt boligen og/eller er registrert som eier i grunnboken.

## **5. SIKKERHETSSTILLELSE (GARANTI)**

Selger skal stille garanti jf. Bustadoppføringslova § 12 straks etter avtaleinngåelse. Er det i avtalen tatt forbehold om åpning av byggelån, salg av et bestemt antall boliger eller

Side 3 av 10

\_\_\_\_\_

selger

\_\_\_\_\_

kjøper

tillatelse til igangsetting, er det allikevel tilstrekkelig at selger stiller garantien straks etter at forbeholdene er bortfalt. Selgeren skal i alle tilfeller stille garanti før byggearbeidet starter.

For krav som Kjøperen fremsetter mot Selgeren før overtagelsen, skal garantien utgjøre 3 % av avtalt kjøpesum. For krav som fremsettes senere, skal garantien utgjøre 5 % av avtalt kjøpesum. Bankgarantien skal gjelde frem til 5 år etter overtagelsen av eiendommen.

Dersom forskuddsbetaling til Selger eller Selgers underleverandører kreves for tilleggs-/endringsbestillinger, er Selger pliktig til å stille forskuddsgaranti etter Bustadoppføringslova § 47.

## 6. HEFTELSE

Selger har utstedt et pantedokument til DNB Eiendom AS som lyder på samlet kjøpesum for hele prosjektet. Pantedokumentet inneholder også en urådighetserklæring som hindrer at det kan tinglyses nye, frivillige heftelser på eiendommen uten meglers samtykke. Pantedokumentet tinglyses som en heftelse på eiendommen, og tjener som sikkerhet for partenes rettigheter og plikter etter kjøpekontrakten. Megler skal vederlagsfritt besørge pantedokumentet slettet når oppgjør mellom partene er avsluttet og skjøtet er tinglyst i avtalt stand. Kjøper er gjort kjent med at dette kan ta noe tid.

Boligen vil bli overlevert fri for pengeheftelser med unntak av boligsameiets legalpant i hver seksjon jf. lov om eierseksjoner av 16.06.2017 nr. 65 § 31. Dessuten har kommunen lovbestemt pant for eiendomsskatt og enkelte eiendomsavgifter og gebyrer, jf. panteloven av 8. februar 1980 nr. 2 § 6-1.

Kjøper vil få forelagt bekreftet utskrift av grunnboken for eiendommen, og gjort seg kjent med denne. Kjøper er gjort kjent med at utskriften gjelder hele eiendommen før sammenslåing/deling/seksjonering. Boligen selges med de tinglyste rettigheter og forpliktelser som fremgår av grunnboken. I tillegg kan Selger tinglyse bestemmelser vedrørende naboforhold eller forhold pålagt av myndighetene.

Kjøperen kan ikke motsette seg eller kreve prisavtale/erstatning for tinglysning av nødvendige erklæringer/bestemmelser knyttet til gjennomføringen av prosjektet. Ved inngåelse av denne kjøpekontrakt opplyser Selger at følgene tinglysninger vil/kan bli foretatt:

- om kommunal rett til å ha liggende, anlegge eller vedlikeholde ledninger, kummer og lignende installasjoner
- eventuelt andre forhold

Selger forplikter seg til å betale alle avgifter og lignende som vedrører eiendommen og som er forfalt før overtagelse.

## 7. TINGLYSING

Skjøtet i undertegnet stand oppbevares hos megler som foretar tinglysning når Kjøperen har innbetalt fullt oppgjør inkl. omkostninger (jf. pkt 1, 2 og 4).

All tinglysning av dokumenter på Boligen skal foretas av megler. Dokumenter som skal tinglyses, må snarest overleveres megler i undertegnet og bevitnet stand.

Kjøper og Selger gir megler fullmakt til å påføre eiendomsbetegnelse i skjøtet før dette sendes inn for tinglysing.

## **8. ENDRINGER OG TILLEGGSARBEIDER**

Prosjektet og dets priser er basert på at utbyggingen gjennomføres rasjonelt og med delvis serieproduksjon i form av systematisering av tekniske løsninger og valg av materialer. Dette gir begrensninger for hvilke tillegg og endringer som Kjøper kan forvente å få gjennomført og innenfor hvilke tidsrom disse arbeidene kan bestilles.

Selger utarbeider en tilvalg-/endringsmeny som angir aktuelle muligheter for endringer og tilleggsarbeider.

Kjøper har ikke rett til å kreve endringer og tilleggsarbeider som ikke står i sammenheng med ytelser som er avtalt, og som i omfang eller karakter skiller seg vesentlig fra den avtale ytelsen og/eller er til hinder for rasjonell gjennomføring av byggearbeidene. Selger er heller ikke forpliktet til å utføre endringer eller tilleggsarbeider som vil føre til ulempe for Selger som ikke står i forhold til Kjøpers interesse i å kreve endringer eller tilleggsarbeider. Selger har rett til å ta seg betalt for utarbeidelse av pristilbud, tegninger m.v. jf. Bustadoppføringslova § 44.

Selger er uansett ikke forpliktet til å utføre endringer eller tilleggsarbeider som vil endre vederlaget med mer enn 15 % jf. Bustadoppføringslova § 9.

Etter igangsetting vil det gis frister for tilvalg og endringer. Inngås kjøpsavtale etter igangsetting er Kjøper kjent med at frister for tilvalg og endringer kan være utgått. Kjøper er oppfordret til å ta forbehold i kjøpetilbudet dersom prosjektet er igangsatt, og Kjøper har krav til tilvalg/ending som Kjøper forutsetter skal være mulig å få levert av utbygger/selger.

## **9. OVERTAGELSE/FERDIGBEFARING**

Boligen planlegges ferdigstilt i perioden fra 3. kvartal 2019. Dette gjelder ikke som en bindende frist for å ha boligen klar for overtagelse, herunder ikke grunnlag for å kreve dagmulkt.

Selger vil ved vedtatt igangsetting varsle Kjøper skriftlig om overtagelsesdato, som vil være å regne som en frist ihht. bustadoppføringslova.

Selgeren kan kreve overtagelse inntil fire måneder før den avtalte fristen til å ha boligen klar til overtagelse. Selgeren skal skriftlig varsle om dette minimum to måneder før det nye overtagelsestidspunktet. Det eksakte overtagelsestidspunktet skal gis med minst 14 kalenderdagers skriftlig varsel. Det beregnes dagmulkt fra det nye overtagelsestidspunktet.

Selgeren skal innen rimelig tid varsle forbruker dersom det oppstår forhold som vil medføre at han blir forsinket med sin utførelse.

Selgeren har rett til tilleggsfrist dersom vilkårene som nevnt i buofl. § 11 er oppfylt.

Ca. 14 dager før overtagelsen kan selger innkalle til en forhåndsbefering hvor det føres protokoll.

Kjøper kan kun nekte overtagelse dersom boligen på overtagelsestidspunktet har vesentlige feil eller mangler. Overtagelse kan holdes selv om det måtte gjenstå mindre arbeider,



herunder på utomhus og fellesarealer, dog skal ikke arbeidene være til hinder for at hele seksjonen kan bebos. Det skal foreligge ferdigattest, alternativt midlertidig brukstillatelse ved overtagelse.

Ved forsinket overlevering kan Kjøper kreve at Selger betaler dagmulkt til Kjøper tilsvarende 0,75 promille av kjøpesummen jfr. Bustadoppføringslova § 18. Dersom megler skal avregne dagmulkt må et eventuelt krav om dagmulkt meldes Selger, med kopi til megler før overtagelse, eller senest i overtagelsesprotokoll. Dette begrenser ikke kjøpers rettigheter ihht. bustadoppføringslova. Dersom Selger er forsinket ihht. bustadoppføringslova § 17, kan Kjøper etter lovens kapittel 3 også kreve å holde igjen vederlag, kreve erstatning eller heve avtalen.

Dersom det i byggetiden skulle inntreffe streik, lockout eller gjøre seg gjeldende andre forhold som selger ikke er herre over, kan Kjøper ikke av den grunn kreve dagmulkt eller erstatning, heve eller påberope seg gunstigere betalingsbetingelser.

På overtagelsesdagen skal partene sammen gjennomgå Boligen og undertegne en overtagelsesprotokoll. Kjøperen er forpliktet til, under befaringen, å fremme eventuelle reklamasjoner på synlige feil eller mangler. Reklamasjoner, samt selgerens standpunkt til disse, skal protokolleres og protokollen deretter signeres. Selgeren forplikter seg til innen rimelig tid å utbedre alle kjente feil eller mangler.

Forhold Kjøper burde oppdaget på overtakelsesbefaring kan ikke påberopes hvis de ikke påpekes under eller så snart som mulig etter befaringen.

Reklamasjoner må meldes skriftlig til Selger og så snart som mulig etter at mangelen er oppdaget. Ved mangler som har forårsaket eller kan forårsake skader på Boligen, har Kjøper plikt til å begrense skadeomfanget inntil mangelen kan utbedres. Dersom det foreligger en mangel ihht. bustadoppføringslova, kan Kjøper etter lovens kapittel 4 holde igjen vederlag, kreve mangelen rettet, kreve prisavslag, kreve erstatning eller heve avtalen.

Kjøper mister retten til å gjøre en mangel gjeldende dersom han ikke varsler Selger om mangel innen rimelig tid etter at Kjøper oppdaget eller burde ha oppdaget mangelen. En Mangel kan ikke gjøres gjeldende senere enn fem år etter overtagelsen, med mindre Selger har påtatt seg å svare for mangler i lengre tid.

Dersom det er feil eller mangler, har Kjøper rett til å holde tilbake deler av kjøpesummen tilsvarende utbedringskostnaden som mangelen/feilen måtte utgjøre, jf. Bustadoppføringslova § 31. Dette må protokolleres i overtagelsesprotokollen og samtidig meddeles megler skriftlig, eller gis som en instruks før hjemmelsoverføring. Kjøper har jf. bustadoppføringslovas § 49, 2. ledd deponeringsrett for omtvistet beløp, og kan etter § 49, 1. ledd ved deponering likevel kreve overtagelse og hjemmelsoverføring. Selger kan etter forsinkelsesrenteloven kreve forsinkelsesrente av Kjøperen for beløp som er uberettiget /for mye deponert.

Hvis det konstateres mangler som det faller uforholdsmessig kostbart å utbedre i forhold til den betydning mangelen har for eiendommens bruksverdi, har Selgeren rett til å gi Kjøperen prisavslag i stedet for å foreta utbedringer.

Hvis Kjøperen ikke gjør gjeldende reklamasjoner eller, skjønt behørig varslet, ikke møter til overtagelsesbefaring, anses eiendommen som godkjent. Kjøper kan kreve ny overtagelsesforretning dersom det foreligger gyldig grunn for uteblivelse. Dette forutsetter at Kjøper, så snart han eller hun får kjennskap til uteblivelse, varsler Selger og megler om dette.

Dersom ikke annet er avtalt, utleveres nøklene til eiendommen ved overtakelsesbefaringen, såfremt sluttoppgjør jf. punkt 1 og 2 er bekreftet innbetalt, eventuelt deponert.

Dersom selger utleverer nøkler til kjøper før innbetaling som ovenfor nevnt er bekreftet, bærer Selger selv risikoen og megler er uten ansvar vedrørende dette.

Risikoen går over på Kjøperen når han har overtatt bruken av eiendommen. Overtar Kjøperen ikke til fastsatt tid, og årsaken ligger hos ham, har han risikoen fra det tidspunkt da han kunne ha fått overta bruken.

Kjøperen plikter å gi Selgeren eller dennes representanter adgang til eiendommen og mulighet for å gjennomføre utbedringsarbeider på hverdager mellom kl. 08.00 og 17.00 i en nærmere definert periode etter avtale.

Ved overtakelse skal eiendommen leveres fra Selger i byggerengjort stand.

Dersom arbeider forsinkes av forhold Kjøper svarer for, har Selger krav på fristforlengelse og dekning av sine merkostnader, jf. Bustadoppføringslova §§ 11 og 43.

## **10. FORSIKRING**

Kjøperen må selv tegne egen innboforsikring for Boligen fra overtagelsesdagen. Fullverdiforsikring for eiendommen vil bli tegnet gjennom sameiet.

## **11. BESTEMMELSER TILTAK MOT HVITVASKING / KJØPERS INNBETALING**

Iht Lov av 6. mars 2009 nr. 11 om hvitvasking og terrorfinansiering er megler pliktig å gjennomføre legitimasjonskontroll av oppdragsgiver og kjøper. Reelle rettighetshavere skal også kartlegges. Dersom partene ikke oppfyller lovens krav til legitimasjon kan megler ikke etablere kundeforhold. Er det mistanke om at transaksjonen har tilknytning til utbytte av en straffbar handling, eller forhold som rammes av straffeloven §§ 131 til 136A kan megler stanse gjennomføringen av transaksjonen. Megler kan ikke holdes ansvarlig for de konsekvenser dette vil kunne medføre.

Kjøper oppfordres til å innbetale kjøpesummen som ikke kommer fra låneinstitusjon i en samlet innbetaling fra egen konto i norsk bank.

## **12. BOLIGEN**

Boligen er solgt med de betingelser som fremgår av denne kontrakt med bilag jf. punkt 16.

Selgeren skal levere boligen, fellesarealer og arbeider på tomten med god håndverksmessig standard. Materialer forutsettes av vanlig god kvalitet.

I nye bygg vil det normalt oppstå svinnriss, sprekker i tapet, maling mv. ved skjøter og sammenføyninger, dels på grunn av uttørring av materialer. Det påpekes spesielt at sprekker i materialoverganger og mellom tak og vegg og i hjørner ikke kan forlanges utbedret, så lenge disse ikke innebærer avvik fra god håndverksmessig standard.

Ca. 1 år etter at eiendommen er overlevert, vil selgeren foreta kontrollbefaring og deretter utføre eventuelle justeringer og etterarbeider snarest mulig, ifølge protokoll som settes opp ved befaring.

### 13. TOMTEN OG UTOMHUSARBEIDER

Kjøper aksepterer at deler av utomhusarbeidene ikke er ferdigstilt ved overtagelse. Selger forplikter seg til å gjøre ferdig disse så snart som mulig etter at bebyggelsen/feltet er ferdig utbygget.

Inntil hele byggeprosjektet er ferdigstillet, har Selger rett til å ha stående anleggsmaskiner og utstyr, eventuelle brakker m.v., samt ha stående skilt på den solgte eiendom. Eventuelle skader som dette måtte påføre eiendommen, skal Selger snarest utbedre.

Dersom det gjenstår vesentlige utomhusarbeider kan megler holde tilbake deler av oppgjøret vis-à-vis Selger, i henhold til beregnet beløp fra uavhengig takstmann. Partene gir takstmann fullmakt til å frigi beløpet til Selger etter at gjenstående arbeider anmerket i protokoll er utbedret. Kostnader til uavhengig takstmann betales av sameiet.

### 14. SAMEIET

Den enkelte seksjonseier har rett og plikt til å være medlem av sameiet. Han har rett og plikt til å følge lov om eierseksjoner av 16.06.2017 nr. 65 og sameiets til enhver tid gjeldende vedtekter. Som vedlegg og en del av denne avtale følger de vedtekter som gjelder for sameiet.

Alle seksjonseiere i sameiet må svare for sin forholdsmessige andel av forpliktelser/felleskostnader overfor sameiet. Fordelingsnøkkel for fordeling av kostnader reguleres i sameiets vedtekter. Felleskostnader er ihht. prislister i salgsprospekt stipulert til kr \_\_\_\_\_ pr. måned for første driftsår. I tillegg er kostnader for drift av garasjeanlegg stipulert til kr \_\_\_\_\_ pr. parkeringsplass pr måned for første driftsår. Kjøper er inneforstått med at sameiet gjennom egne vedtak kan endre felleskostnadene. Se forøvrig utkast til budsjett vedlagt denne kontrakt.

Når sameiet er etablert innkaller Selger styret v/sameiets leder til ferdigbefaring for sameiets fellesarealer. Det skal føres protokoll fra befaringen hvor eventuelle mangler som skal utbedres av Selger noteres. Eventuelle gjenstående arbeider så vel inn - og utvendig skal utføres så snart arbeidet praktisk kan gjøres av hensyn til årstid og rasjonell fremdrift.

Selger kan engasjere forretningsfører for sameiet på sameiets regning.

### 15. SÆRLIGE BESTEMMELSER

- Selger forbeholder seg retten til å foreta nødvendige endringer som følge av offentlige pålegg eller tilpasninger i forhold til tekniske løsninger. Videre forbeholder Selger seg rett til å bestemme endelig utforming av utomhusarealer, materialvalg og fargevalg samt innvendige og utvendige fellesarealer, uten at Kjøper har rett til å kreve endringer av avtalt pris.

Dette gir ikke Selger rett til endringer som fraviker de beskrivelser og illustrasjonsmaterieill som er vedlagt denne kontrakt på en slik måte at Boligens standard objektivt sett forringes eller som objektivt svekker dens bruksverdi. Selger skal så langt det er praktisk mulig informere Kjøper om slike endringer.

- Utbygger forbeholder seg også retten til å foreta endringer ved prosjektet knyttet til en eventuell deling/sammenslåing av usolgte seksjoner. Disse endringene kan medføre mindre endringer av fasaden og plassering av balkonger.
- Ved besøk på byggeplass før overtagelse skal kunder alltid være i følge med en representant fra Selger. All annen ferdsel på byggeplassen i anleggsperioden er beheftet med høy grad av risiko og er forbudt.
- Denne kontrakt kan ikke transporteres og gjelder individuelt for Kjøper. Selger forutsetter at skjøte tinglyses på den/de kjøper(e) som har fått aksept på sitt bud. Kjøper har anledning til å be om samtykke til direkteoverskjøting, men selger står helt fritt til å avslå eller akseptere en slik forespørsel. Et eventuelt samtykke vil medføre gebyr til utbygger etter nærmere avtale. Ny kjøper vil være bundet av eventuelle bestillinger av tilvalg.
- Partene er enige om at det er mulighet for bytte av leilighet etter nærmere avtale. Dette vil medføre nye kontrakter og vederlag til megler iht. oppdragsavtalen.

## 16. KONTRAKTSDOKUMENTER/BILAG

Kjøper har fått seg forelagt kopi av, samt har lest og gjort seg godt kjent med følgende bilag til nærværende kontrakt:

- Leveringsbeskrivelse datert
- Plantegning datert
- Fasade-, snitt- og etasjetegninger datert
- Situasjonsplan/utomhusplan datert
- Utkast sameievedtekter datert
- Utkast budsjett datert
- Reguleringsplan m/bestemmelser
- Målebrev/arealbekreftelse
- Grunnboksutskrift datert
- Bustadoppføringslova

Innholder kontraktsdokumentene bestemmelser som strider mot hverandre skal dokumentene gjelde i ovennevnte rekkefølge.

Tilleggsavtaler til denne kjøpekontrakt som er datert etter denne kjøpekontrakt gjelder foran kjøpekontrakten.

Denne kontrakt er utferdiget i 3 - tre - likelydende eksemplarer hvorav partene får hvert sitt eksemplar og ett beror hos megler, DNB Eiendom AS.

sted, dato:

sted, dato:

Som selger:

Som kjøper:

-----  
 <selger1> v/ ihht.  
 firmaattest og fullmakt (Navn gjentas  
 med blokkbokstaver)

-----  
 <kjøper1>

<selger2> v/                    ihht.  
firmaattest og fullmakt (Navn gjentas  
med blokkbokstaver)

<kjøper2>



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/519
		Arkiv:	L05

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
128/18	Formannskapet	03.07.2018

### **BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOSNAVÅG BY - FULLFINANSIERING AV BYGGETRINN 1, 2 OG 3 I KLATREPARKEN**

#### **Tilråding:**

Herøy formannskap fullfinansierer byggetrinn 1, 2 og 3 i klatreparken og total kostnad for kommunal del er 1 377 793 kroner.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Til:

Konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 51212  
kr 1 377 793,-

Frå:

Konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 301, prosjekt 70008  
(**Byutvikling Fosnavåg - Sentrumstiltak**) – kr 1 377 793,- (Kjøpet vert belasta prosjekt  
«**Byutvikling Fosnavåg - Sentrumstiltak**» som tidlegare er lånefinansiert)

Særutskrift:  
Økonomiavdelinga

## **Vedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

Saka gjeld fullfinansiering av klatreparken del 1, 2 og 3. Samla prosjektkostnad for alle delane er 3 515 586 kroner der kommunal medfinansiering er 1 377 793 kroner. Klatreparken vert ferdigstilt hausten 2018 med unntak av del 3 som først kjem på plass i våren 2019.

### **Saksopplysningar:**

Herøy formannskap vedtok den 22.8.17 å etablere ein klatrepark i parken i Fosnavåg. Formannskapet la til grunn ynskje om å utvikle parken som sosial møtestad og ein stad for rekreasjon og leik/aktivitet. Herøy formannskap ba administrasjonen om å arbeide vidare med prosjektering og finansiering av klatreparken for å mogleggjere realisering i løpet av 2018.

Parken i Fosnavåg sentrum er eit offentleg byrom som ein har ynskje om å vidareutvikle som sosial møtestad og aktivitetsarena. Ein ynskjer å legge til rette for opphald og aktivitet for ei brei gruppe av befolkninga, innbyggjarar og besøkande, og då særskilt for barn og unge.

I samband med byutviklingsprosjektet for Fosnavåg er (by-)parken definert som eitt av dei fire viktigaste byroma i eit framtidig sentrum (side 10 og 11 i dokumentet "sentrumsvisjon for berekraftig sentrumsutvikling i Fosnavåg"). I handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel under "heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling" kan punkt 9 og 16 knytast til utvikling av parken: 9: "Etablere sosiale møtestader i sentrum med sitjeplassar og leikeområde" og 16: "Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken".

Parken har klart potensiale for utvikling som sosial møtestad og det er uttrykt at den bør vidareutviklast og gjerast meir attraktiv til rekreasjon, leik og opphald.

Del 1: Komplette klatrepark (ferdigstilling september 2018)

Del 2: Tilleggselement, benkar, leikeapparat mm (ferdigstilling hausten 2018)

Del 3: Gangsti med belysning frå parken og framtidig parkeringsplass og opp til Jordmor Helgas veg. Akebakke og utviding og tilrettelegging av gapahuk. (ferdigstilling våren 2019)

## Finansieringsplan:

	Materialkostnader (beløp inkl mva) A	Arbeidskostnader (beløp inkl mva) (ikkje dugnad) B	Sum A+B
<b>Byggetrinn 1, klatrepark</b>			
Komplett klatrepark, montert, kostnad	420 000	412 125	832 125
Interne føringar EH og tilleggskostnad AF			90 000
<b>SUM</b>			<b>922 125</b>
<b>Finansiering byggetrinn 1, klatrepark:</b>			
Støtte Gjensidigestiftelsen			416 063
Spelemidler			300 000
<b>Restbeløp ufinansiert/kommunal del</b>			<b>206 062</b>
<b>SUM finansiering</b>			<b>922 125</b>
<b>Byggetrinn 2, Tilleggselement, benkar, leikeapparat mm</b>	629 336	64 125	693 461
<b>SUM</b>			<b>693 461</b>
<b>Finansiering byggetrinn 2, tilleggselement</b>			
Gjensidigestiftelsen			296 730
Marine Harvest			100 000
Sparebanken Møre			25 000
<b>Restbeløp ufinansiert/kommunal del</b>			<b>271 731</b>
<b>Totale utgifter, byggetrinn 1 og 2</b>			<b>1 615 586</b>
<b>SUM Kommunal del finansiering, byggetrinn 1 og 2</b>			<b>477 793</b>
<b>Byggetrinn 3, gangsti og belysning i parken</b>			
Stipulert kostnadsoverslag			1 300 000
<b>Forslag til finansiering</b>			
Spelemidler nærmiljøanlegg/tursti			300 000
Trafikktryggingmidlar			400 000
<b>Restbeløp ufinansiert/kommunal del</b>			<b>600 000</b>
<b>Byggetrinn 3, Akebakke, utviding/tilrettelegging inkl gapahuk</b>			600 000
Spelemidler nærmiljøanlegg			300 000
<b>Restbeløp ufinansiert/kommunal del</b>			<b>300 000</b>
<b>Sum kostnader</b>			<b>1 900 000</b>
<b>SUM Kommunal del finansiering, byggetrinn 3</b>			<b>900 000</b>
<b>TOTAL Kommunal del finansiering, byggetrinn 1,2 og 3</b>			<b>1 377 793</b>

Budsjettkontroll på investeringsbudsjettet for byutvikling (70008) er slik:

Midlar pr 13062018	7 824 986 kr
Fråtrekk finansiering ladestasjon	220 000 kr
<b>Sum</b>	<b>7 604 986 kr</b>
Fullfinansiering del 1,2 og 3	1 377 793 kr
<b>Restløyving</b>	<b>6 227 193 kr</b>



## Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at prosjektet vert fullfinansiert i tråd med tilrådinga.

Det er lagt ned eit godt arbeid og det har vore eit særst godt samarbeid med lokalt grendalag for å få realisert ei god utvikling av eit viktig rekreasjonsområde i Fosnavåg sentrum. Prosjektet fyl opp målsetjingar knytt til byutvikling og overordna planverk og sikrar opphald og aktivitet for ei brei gruppe av befolkninga, innbyggjarar og besøkande, og då særskilt for barn og unge. Ein har og er i dialog med RFF med omsyn til sikre interesser til menneske med nedsatt funksjonsevne.

Utover hausten 2018 vert og Solparken realisert. Restløyvinga går med til å finansiere opp dette tiltaket saman med investeringsmidlar slik det går fram av økonomiplanen og orienteringa som vart gitt i budsjettkonferansen 2018 den 12.06.2018.

Kommunen er aktiv ute å søker eksterne midlar ei rekkje plassar for å redusere kommunal medfinansiering. Dersom ekstern finansiering ikkje kjem på plass for del 3 vil ein måtte vurdere å omprioritere egne investeringsmidlar til trafikktrygging for å sikre fullfinansiering av tiltaket.

Fosnavåg, 13.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2018/773
		Arkiv:	L12

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
129/18	Formannskapet	03.07.2018

**SØKNAD OM OPPSTART AV PLANARBEID: DETALJREGULERINGSPLAN FOR KLEIVANESET, GNR. 35, BNR. 29 M. FL.**

**Tilråding:**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-3 og § 12-8 å varsle oppstart på detaljreguleringsplan for Kleivaneset.

Særutskrift:


Utviklingsavdelinga  
Kvalsvik Elektro AS  
B. Tarberg AS

## Vedlegg:

- 1 Referat frå oppstartsmøte 14.06.2018
- 2 201806\_Søknad om oppstart av planarbeid\_bestilling av oppstartsmøte\_PDF
- 3 201806\_Kart Kleivaneset

## Samandrag av saka:

På vegne av grunneigar Kvalsvik Elektro (v/ Helge Kvalsvik), søkjast det om løyve til å melde oppstart av privat planarbeid for eit nytt bustadområde på Kleivaneset i umiddelbar tilknytning til Fosnavåg sentrum. Planområdet er vist i figur 1, under.



Figur 1. Forslag til plangrense for detaljreguleringsplanen. Planområdet grensar til Igesundvegen i sør, gamle «Sunnmørsfisk» i aust og Holmefjorden i nord.

## Saksopplysningar:


Det vart halde oppstartsmøte mellom tiltakshavar og Herøy kommune på rådhuset 14.06.2018. Referatet ligg vedlagt saka.

Formålet med planarbeidet er å vidareføre intensjonane frå Kommuneplanen sin arealdel, der arealet er sett av til sentrumsføremål. Arealet som er foreslått regulert er eigedomane på gbnr. 35/29, 35/175 og 35/176. Her ønskjer tiltakshavar å etablere tre mindre bustadblokker, samt tre frittståande bustadhus. I tillegg legg tiltakshavar vekt på kor viktig det er med ei vidareføring av promenaden som er regulert i detaljreguleringsplan for ytre Fosnavåg hamn (PlanID 201616). Denne samanhengande promenaden er vidare meint å kople seg på gangvegen som skal gå over ny bru til Nerlandsøy. Tiltakshavar ønskjer i utgangspunktet bustadblokker i tre etasjer, lengst sør i planområdet. Blokker er i samsvar med formålet «*Sentrumsformål*» i kommuneplanen sin arealdel. Dei tre bustadhusa er også ønskt oppført i tre etasjer. Her meiner kommunen det er viktig med ei synleggjering av konsekvensane desse bygga får på ulike måtar. Tiltakshavar vil sjå på alternative utformingar og etasjeløysingar. Omsyn til landskap og ferdsel langs promenaden m. m vil vere viktige tema i planarbeidet.

Det vert sett som eit krav frå kommunen at køyreveg og promenade (gangveg) skal vere skilde. Området er viktig for vidare utvikling av Fosnavåg som by og for å knyte bysentrum saman med Igesund og Nerlandsøya med ein gang- og sykkelveg. Her ønskjer ein vidare tett dialog mellom tiltakshavar og Herøy kommune for å finne gode løysingar i utforminga av planen.

Tenkt tilkomst til området er vist med svarte piler i figur 2 (under) der ein ser ein tilkomst vidareført frå dagens veg (*Igesundvegen* – nordleg avstikker som går forbi gamle *Sunnmørsfisk og sil/avlaupsanlegget*). Kommunen er oppteken av å finne ein god tilkomst til området, saman med eksisterande tilkomstvegar for bustadane som allereie er etablerte.

Tiltakshavar ser føre seg etablering av ei mindre småbåthamn, samt ein molo i sjøen. I tillegg er det ønskja ein naustfunksjon eller kombinert naust/garasje i nederste etasje på dei frittståande bustadhusa. Kommunen ga i oppstartsmøtet tilbakemelding om at å regulere inn naust i eit bustadhus vil vere uheldig og ikkje tilrådeleg. Tiltakshavar har vidare fått tilbakemelding om at garasje i nederste etasje, på plan med tilkomstveg kan vere eitt alternativ.



Figur 2: Syner ei skisse med dagens situasjon som grunnkart, samt enkel påteikning for å illustrere korleis tiltakshavar ser føre seg plassering av bygg, køyreveg og promenade m. m.

### Vurdering:

Kommunen er positiv til ei utvikling av området og er i store trekk positive til dei skissene som er framlagde i søknad frå tiltakshavar. Kommunen understreker at området er viktig i vidare utvikling av Fosnavåg sentrum som by, og er særleg oppteken av at området langs sjøen skal vere opent tilgjengeleg for allmenta gjennom ei promenade. Det same gjeld sjøareal og strandsona.

### Konklusjon:

Rådmannen rår til at det vert gjeve løyve til oppstart av planarbeid på Kleivaneset.

Fosnavåg, 20.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Ole Magne Rotevatn  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

# SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

OG

## FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhørende forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlige føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven.

Søknad om oppstart med førehandsutfylt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

*Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering* skal i nødvendig grad omtale følgende:

- a. føremålet med planen
- b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
- c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
- d. utbyggingsvolum og byggehøgder
- e. funksjonell og miljømessig kvalitet
- f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
- g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
- h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
- i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
- j. kva berørte offentlige organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
- k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
- l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

## INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE

<b>Sak:</b>	
<b>Møtestad:</b> Herøy rådhus	<b>Møtedato:</b>
<b>Deltakarar:</b>	
Frå forslagsstillar: Helge Kvalsvik Aleksander Z. Tarberg	Frå plan: Erlend S. Vikestrand Jarl Martin Møller
	Frå anegg og drift: Fred Arnesen
	Frå landbruk: Andre:

### 1. Planføresetnader

#### Plantype

- Detaljregulering
- Endring av reguleringsplan

#### Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Kommuneplanen sin arealdel.....

Kommuneplan, arealdelen.....S1

(Sentrumsformål).....

Reguleringsplan.....Kleiva/Huldal.....

.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

.....

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

.....

#### Avgrensing av planområdet ([www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.

#### Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart

#### Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn:.....Detaljreguleringsplan for Kleivaneset

.....

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

- Planforslaget er i samsvar med overordna plan.
- Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.
- Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.



Merknad:.....

### Pågåande planarbeid

- Det pågår ikkje anna planarbeid i området
- Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad: Kommunen vil foreta tilleggsregulering av gang-sykkelveg i tilknytning til STV sin plan for bru til Nerlandsøy.

### Planprogram

Utløyer planen krav om planprogram? (jf. § 4-1 i planlova)

Merknad:.....NEI.....

### Konsekvensutgreiing

Utløyer planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad og framdriftsplan:

.....NEI.....

### Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....NEI.....

## 2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift	
- Parkeringsvedtekter	sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel
- Forskrift om gebyrregulativ	For private planarbeid skal det betalast to satsar. Første betaling er handsamingsgebyr og er ein fast sum. Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til varsel om oppstart. Andre betaling er arealgebyr og er todelt. Ein fast sum for planar opp til 5000 m <sup>2</sup> . Andre del er eit beløp per påstarta 1000 m <sup>2</sup> over 5000 m <sup>2</sup> . Frist for innbetaling er innan fristen for å gje høyringsuttalar til offentleg ettersyn. Sjå Herøy kommune sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside for oppdatert prisar.
- Krav til leikeplassar	sjå føresegna til kommuneplanen sin arealdel

<b>3. Viktige vurderingar – Skal omtalast i søknad om oppstart</b>	
<b>Tema:</b>	<b>Tilleggsopplysningar, vurdering:</b>
3.1 Planfaglege vurderingar (utnytingsgrad, krav til stigning m.m.)	Bustadtomter 40 % BYA Blokk/leilegheiter 40-60% BYA Tre etasjer i blokker. Her må det lagast terrengsnitt i forhold til eksisterande bebyggelse og nye blokker. Gode 3D illustrasjonar må også utarbeidast. Sol-/skuggeanalyse må utarbeidast. Det må takast omsyn til eksisterande busetnad og deira utsikt. Sjå plan for indre Moltumyr i forhold til kva mønehøgder som er regulert for nye bustader.
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Veg, molo, hamn, badeplass, sjøfront. Veg/kombinert gang- og køyrevog må sjåast opp mot talet på bueningar. Kommunen ønskjer adskilt gang- og køyrevog.
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ikkje tema
3.4 Miljøvernfaglege vurderingar	<b>Vurdering naturmangfald. Planomtale.</b> Omsynssoner: Konsekvensane for omsynssona i arealdelen må belyst betre. Kva konsekvensar får denne planen for badeområde, og sjøareal elles. Kva konsekvensar får planen for landskapsbilete++.
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	Vil bli vurdert i planutforminga.
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Sjekkliste ROS (FMMR), Havnivå m.m DSB sin rettleiar «Havnivåstigning og stormflo» må følgjast for å svare ut på ROS-analysen. Sjå reguleringsplan for Fosnavåg hamn, ytre hamn.
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Ny leikeplass, badeplass, tilgjenge Her må ein forsøke å finne gode løysingar for gangveg mellom leikeplass/promenade og bustadar. Sandstrand/fjøre skal vere allment tilgjengeleg.
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy	Vil bli vurdert i planutforminga. Kommunen er avventande til forslaga ligg føre, men vi er klare på at det er lite ønskeleg med kombinert gang- og køyrevog. Gangveg må vere skild frå køyrevog.
3.9 Kommunaltekniske anlegg	Vil bli vurdert i planutforminga, dialog med Anleggs- og driftsavdelinga i høve veg og avløpsvatn. Vert vurdert vidare i utbyggingsavtale.
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Ynskjer at kommunen bidreg ihht til infrastruktur. Må søkast særskilt om hjå kommunen – Politisk avgjerd. Tek dette i samband med utbyggingsavtale.
3.11 Enkel trafikkanalyse (køyreveggar og sykkelveggar), dagens situasjon.	Vil bli vurdert i planutforminga. Gangveggar langs sjøsidea eit viktig grep i byutviklinga.
3.12 Kontroll av grenser innanfor planområdet	Ynskjer at kommunen dobbelsjekkar desse.

og tilgrensande eigedomar	Tiltakshavar har vore i kontakt med kommunen og fått stadfesta god kvalitet i grenser. Må vere obs på dette i vidare planarbeid.
3.13 Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?	Ja, vil legge vekt på god estetikk i utforminga av bygningar og anlegg. Kommunen er positiv til signala frå tiltakshavar, men understreker viktigeita av ei promenade og ei strandsone som er allment tilgjengeleg. Kommunen er avventande til planforslag ligg føre og visualisert.
Anna:	
<b>4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:</b>	
<b>Tema:</b>	<b>Vurdering:</b>
Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik?	<b>Merknad:</b> Bør vurder ope møte med informasjon til naboar og berørte partar.
Skal det lagast utgreiingar eller rapportar om andre tema?	Rapport for private planar skal utarbeidast av plankonsulent eller fagkyndige.
Kommunalt bidrag i planarbeidet?	Kommunen vil gjerne vere bidragsytar for promenade og offentleg anlegg.
Behov for dialogmøte med kommunen?	Plankonsulent presenterer planarbeidet for administrasjonen ved overlevering til offentleg ettersyn. Dette tek vi etter behov.
Framdriftsplan:	Saka leggst fram for formannskapet i august 2018 for oppstart.
<b>5. Kommunalteknisk anlegg</b>	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Ja. Vidare dialog med anlegg- og drift når det er naudsynt. Det må også opprettast dialog med Herøy vasslag, Mørenett og Tussa IKT.
Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	Ikkje naudsynt.
Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Tiltakshavar signaliserer interesse for å søkje om utbyggingsavtale. Dette vert eiga sak.

<p><b>6. Kommunen sine råd og vurderingar</b></p> <p>Er det usemje om vesentlege punkt? Nei. Kva er det usemje om?</p> <p>Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan eller er det aktuelt å stoppe planarbeidet etter pbl. § 12-8, andre ledd? <i>Ja</i></p> <p><i>Dersom det er usemje om vesentlege punkt eller administrasjonen foreslår å stoppe planarbeidet jf. § 12-8 kan foreslagsstillaren krevje saka framlagt kommunestyret jf. delegeringsreglement for Herøy kommune.</i></p>
--

Er plankonsulent registrert med sentral godkjenning? Nei.

Er kravet til fagkyndigheit etter § 12-3 oppfylt? Ja.

Skal planforslaget leggast fram for regionalt planforum? Nei.

Skal forslaget leggast fram for formannskapet? Ja.

Vidare saksgang:

Sak om oppstart i formannskapet i august. Tiltakshavar varslar oppstart ved positivt vedtak.

Anna:

Etter oppstart ønskjer vi ein vidare dialog og arbeidsmøte om vidare utforming av plan.


## 7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn skal som hovudregel gjerast av konsulent.



Stad, dato...Fosnavåg, 14.06.2018.....

Representantar frå kommunen: .....

 Fred Ansen

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar.....


Sandvika 28.05.2018

**Herøy kommune**  
v/ Sektor for Samfunnsutvikling  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg  
[postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Vår referanse: 2018-05

## **SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID – BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE MED HERØY KOMMUNE – GNR. 35/29, 35/175, 35/176.**

### **«Detaljreguleringsplan for Kleivaneset gnr. 35 bnr. 29 m.fl.**




På vegne av Kvalsvik Elektro Eigedom AS søker vi her om løyve til oppstart av privat planarbeid for nye bustadtomter med meir på Kleivaneset i Fosnavåg. Utbygginga her vil vere ei fortetting og utvikling av sentrumsnære bustadareal.

Det er ikkje gjennomført oppstartsmøte med Utviklingsavdelinga og vi ynskjer her å bestille eit slikt møte for vidare framlegging av

sak til Formannskapet om oppstart av planarbeid.

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for nye bustadtomter, veg, leikeplass m.m innanfor eit avgrensa område på Kleivaneset. Forslagsstillar ynskjer å utvikle området til bustadområde i samsvar med overordna kommuneplan. Forslagsstillar har over lengre tid forsøkt ei utvikling av området og ein ser det no som viktig for styrking av busettingsgrunnlaget og vidare utvikling av Fosnavåg sentrum, at det blir lagt til rette for nye bustader.



Utsnitt av kommuneplanens arealdel

Planområdet er i overordna kommuneplan avsett til sentrumsformål (S1) med omsynssone bevaring av naturmiljø (H560\_1) som gjeld for Kleivavika.

Sentrumsføremål (S) (jf. Pbl § 11-9 nr. 1):

For område avsett til sentrumsføremål kan det etablerast tiltak som forretning, næring, offentlig og privat tenesteyting, bustadar, kontor, kjøpesenter, hotell/overnatting og bevertning med tilhøyrande grøntareal. For område avsett til sentrumsføremål kan ikkje tiltak settast i verk før godkjent reguleringsplan ligg føre

Omsynssone bevaring naturmiljø (H560) (jf. Pbl § 11-8 pkt. c):

For område S1 i Fosnavåg er det lagt omsynssone på Kleivavika for at det skal takast særleg omsyn til naturmiljøet i område. Område har status som sentrumsføremål og gjennom detaljregulering må verdien av område som ei grøn lunge i eit framtidig bymiljø vurderast opp mot verdien område har som utbyggingsareal og tap av eit sentrumsnært grøntområde.

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)



Planområde sett i 3D perspektiv frå nord



Planområde sett i 3D perspektiv frå sør

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**  
**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**  
**post@tarberg.no**  
[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)




Bilete frå Kleivaneset (Aleksander Tarberg, 2018)

Planinitiativet vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på nye bustader sentralt på Bergsøya i Herøy kommune. Forslag til planavgrensing er vist på vedlagt kartskisse og omfattar eit areal på omlag 20,5 daa.

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**  
**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**  
**post@tarberg.no**  
[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)





Utsnitt av gjeldende arealstatus for området

Denne reguleringsplanen vil grense til eksisterande reguleringsplan for 198101 Kleiva og 201616 Fosnavåg ytre hamn. Intensjonane med planarbeidet er i hovudsak bustadføremål, då med både frittliggjande småhusbebyggelse og areal for konsentrert utnytting (leilegheiter).

### Hovudprinsipp for utnytting av området

Forslagsstillar ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for:

- Veg
- Gangveg
- Bustader
- Leikeplass
- Molo
- Småbåthamn med flytebrygge
- Grønstruktur

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.


**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

**[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)**

### Skissert utnytting av området:



### Skildring av tenkt utbygging:

Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for bustader gjennom regulering av Kleivaneset. Slik vi les kommuneplanens arealdel vil bustader vere i samsvar med dei overordna måla som kommunen for området. Forslagsstillar ynskjer å bruke eksisterande veg som i dag går til Sunnmørsfisk-området og reinseanlegget, for deretter å legge ein ny veg (markert med svarte piler) langs sjøside av Kleivaneset til nye leilegheitsbygg i sør. Ein planlegg vegen slik at denne vil vere offentleg kombinert gangveg/tilkomstveg med mål om å sikre at ålmenta får fri ferdsel langs sjøside.

Ein håper at denne vegen kan vere ein del av ein større samanheng i byutviklinga, der det seinare og i andre planar kan koplatt til gangsti i sør (mot lgesund og ny Nerlandsøy bru) og mot nord (realisering av Fosnavåg ytre hamn). Denne gangvegen (raud stipla pil) vil då inngå i

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

**[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)**

eit heilskapleg system for etablering av turveg langs sjøsida i Fosnavåg. Dette vil vere ein stor fordel for heile sentrum og eit viktig bidrag inn til framtidig byutvikling av Fosnavåg. Vegen må også kunne fungere som tilkomstveg til nye bustadblokkene ein planlegg i sør, ettersom Statens Vegvesen har vore svært restriktive med nye avkøyrslar i dette området, ser ein det som ein stor fordel at ein slepp å etablere fleire kryss inn på FV20.

Den nye planlagde vegen langs sjøsida vil få ei høg estetisk utforming. Vi ser føre oss at vegen må ta utgangspunkt i kommunen sin vegnormal, men at ein gjer noko meir med vegen si utside mot sjøfronten. Her tenker vi å nytte plastring av naturstein, lage til med naturleg brystvern, lyspullertar og asfaltert overflate. Forslagsstillar ser føre seg at kommunen bidreg økonomisk inn i prosjektet etter nærare avtale rundt utforming av vegen.

Forslagsstillar ynskjer også å legge til rette for 3 nye bustadtomter. Det er fornuftig at desse skal ha tilkomst frå eksisterande veg på Kleivaneset. Av omsyn til terrenget i området og etablert bebyggelse tenker ein avtrappa bygg som er mest mogleg tilpassa terrenget (terrassert bebyggelse) i 3.etasjer med flate tak og eit moderne formspråk. Det er eit ønskje å legge til rette slik at lågast gulv for bustadhus kjem i kontakt med den planlagde gang/tilkomstvegen langs sjøen, slik at det er mogleg å inkludere eit naust integrert i bygningskroppen for bustadhusa. Dette meiner vi vil vere arealeffektivt og ein kjempestor kvalitet for prosjektet.

Det blir lagt til rette for ein nærleikeplass i samsvar med krava i kommuneplanen på 200 m<sup>2</sup>. Denne vil bli plassert slik at det vil vere gåavstand (inntil 50 meter) frå alle tomtene. Det er elles kort veg til etablert leikeplass i Huldalen og «Byparken».

Kleivaneset ligg i nærkontakt med sjøen og forslagsstillar ynskjer å utnytte desse fortrinna ved å etablere ein molo og ei lita småbåthamn av omskotsmasser som kjem av opparbeiding av tomter og infrastruktur. Ein ser føre seg at det kan etablerast ein vendehammar der moloen startar. Vi meiner at eit småbåthamn på Kleivaneset vil vere ein kvalitet for heile Fosnavåg sentrum med fleire båtplassar. Ein planlegg også å legge til rette for ein ny badeplass i den naturlege vika som ligg nær blokkene. Her kan ein utsmykke området med eit amfi av naturstein, opparbeide med sand og lage dette til for bebruarane til dei nye tomtene.

Planinitiativet vil vere i samsvar med kommunens overordna planar og føringar med tanke på eit uttrykt ønske om sterkare satsing på fortetting og at fleire skal bu i sentrum av Fosnavåg. Det er då ei klar forventning om at kommunen er positiv til den utviklinga som det her blir lagt opp til med ny reguleringsplan for denne delen av Kleivaneset. Samla sett meiner vi dette vil vere eit godt plangrep.

Vi håper kommunen kan finne tid til oppstartsmøte og at ein kan forvente ei snarleg vidare handsaming i formannskapet.


**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

**[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)**

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg

Daglig leder / planlegger

**B.TARBERG AS**

Mobil: 46674461

E-post: [aleksander@btarberg.no](mailto:aleksander@btarberg.no)

**Vedlegg:**

1. Kart med planavgrensing M 1:500
2. Referatskjema for oppstartsmøte (delvis utfylt)


Kopi: Kvalsvik Elektro Eigedom AS v/ Helge Kvalsvik

**B. TARBERG AS –SANDVIKVEGEN 174 – 6070 TJØRVÅG**

**TELF: 46674461 – ORG.NR 944 082 026**

**post@tarberg.no**

[www.btarberg.no](http://www.btarberg.no)



Planområde 20.5 daa

Dato		Konstr./egnet	Godkjent	Målestokk	
Plantegning				Erstattet for:	Erstattet av:
				901	
Henvisning:			Beregning:		



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/14
		Arkiv:	L12

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
130/18	Formannskapet	03.07.2018

### REGULERINGSENDRING B5 VÅGSHOLMEN - SLUTTHANDSAMING

#### Tilråding:

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap reguleringsendring for B5 Vågsholmen.

Særutskrift:

**Vedlegg:**

- 1 Plankart B5 Vågsholmen 08.02.2018
- 2 Reguleringsføresegn B5 Vågsholmen 19.06.2018
- 3 Planomtale B5 Vågsholmen 19.06.2018
- 4 ROS-sjekklister B5 Vågsholmen 19.04.2018

**Samandrag av saka:**

B.Tarberg AS søker på vegne av forslagstillar om ei reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14. Reguleringsendringa er avgrensa til område B5 i dei godkjende reguleringsplanane for området. Endringa vil føre til at området som i dag er avsett til eit reint bustadområde kan få ein kombinert bruk med bustadar og kontor. Det vert også teke eit areal på ca. 140m<sup>2</sup> frå arealet Sp3 Privat småbåtanlegg som kan nyttast til bustad/kontor.

Rådmannen meiner endringa i hovudsak stettar intensjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel ved å legge til rette for både bustadar og kontor i sentrum.

Rådmannen rår derfor til at Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 reguleringsendringa for B5 Vågsholmen.

**Saksopplysningar:**

Den omsøkte endringa er i samsvar med formål som allereie eksisterer innanfor dagens reguleringsplan.


Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål frå bustadformål til nytt kombinert formål bustad/kontor. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 33/65, 33/94, 33/64. Planområdet er om lag 1 daa stort.

Hovudtrekka med endringa i reguleringsplanen vil vere avgrensa til:

- Endring av arealformål i plankartet BKB1 og utviding av dette mot sjø og endring av 140m<sup>2</sup> frå Sp3 Privat småbåtanlegg til BKB1, bustad og kontor.
- Eksisterande garasje på eigedomen vert regulert som bygg føreset fjerna
- Nye i føresegner for området BKB1
- Ny lokalisering av avkøyrsløse til tomta



Utsnitt frå detaljreguleringsplan Vågsholmen, planID 201002. Plassering av planområdet er vist med raud sirkel.



Utsnitt frå detaljreguleringsplan Vågsholmen, planID 201262. Plassering av planområdet er vist med raud sirkel.



**Reguleringsendring:**

Området fikk ferdigstilt ny infrastruktur i 2017 som legg til rette for utvikling av ein heilt ny bydel i Fosnavåg. Forslagstillar ynskjer, i lys av utviklinga, å realisere eit bygg i 4.etg med garasje/parkering i 1. etg, kontor i 2. og 3. etg og bustad i 4.etg.

Det nye bygget vil ta utgangspunkt i eksisterande bygg på tomta som no blir vidareutvikla til eit nytt konsept.

Krav til nærleikeplass i gjeldande plan vert vidareført og kombinert med promenade.

**Føresegner:****BKB1**

*Innanfor området kan det byggast bustader og kontor og ein kombinasjon av dette i same bygg i inntil 4 etasjar. Etasje på bakkenivå skal nyttast til parkering/lager.*

*% BYA skal ikkje overstige 40 % av tomtestorleiken.*

*50% av BRA kan nyttast til kontor.*

*Maksimal gesims/mønehøgde skal ikkje overstige kote + 16.7 NN2000.*

*Ferdig golv for kontor og leiligheiter skal plasserast minimum på kote 2.7 over NN2000. Dei delane av bygninga som ligg lågare enn 2.7 m over NN2000 må byggast i materiale som toler overfløding og bølgepådriv.*

*Mot sjøfronten skal det opparbeidast promenade som skal vere open for allmenn ferdsel.*

*Det kan fyllast ut i sjø som vist på plan. Utfylling i sjø skal berre gjerast med eigna masser og på ein slik måte at ein unngår utvasking og ulemper for det maritime miljøet.*

*Det kan etablerast landfeste for flytebrygge på promenaden. Det vert tillate med pullertar og kaiskinne. Promenaden skal kunne fungere som liggeplass for båtar og ha eit estetisk uttrykk mot sjø med anten natursteinsmur eller kaiskjørt. Før tiltak i sjø kan iverksettast må det liggje føre løyve frå Kystverket.*

*Minimum 10 % av tomta skal settast av til uteområde for bueiningane.*

*Parkeringsdekninga skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter for Herøy kommune.*

*Parkering for området BKB1 kan byggast som nedgravd parkeringskjellar i kombinasjon med overflateparkering utvendig rundt bygget.*

*Uteområde og promenaden skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bueiningar innanfor området.*

*Ved planlegging av flytebryggeanlegg (jfr § 6.3 i reguleringsplan Vågsholmen) skal anlegg med tilhøyrande utriggera, landgang og forankrings/fortøyningsanlegg*

*utformast og plasserast slik at båtar kan snu i regulert småbåtområde for å få vendt baugen vestover før utsegling til Trafikkområde sjø - T5.*

## **Vurdering og konklusjon:**

### **Merknader ved offentlig ettersyn:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 01.06.2018

*Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.*

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 02.05.2018

*Herøy kommune har tatt vår merknad delvis til følge. For å sikre at planane framleis er i tråd med intensjonane i vedtatt detaljregulering foreslo vi ei grense på tretti prosent kontordel. Herøy kommune har no fastsett at 50 % av BRA kan nyttast til kontor i reguleringsføresegna. Vi meiner framleis at denne endringa ikkje er å sjå som "mindre", jamfør § 12-14 i plan- og bygningslova, men vil ikkje reise motsegn på dette grunnlaget.*

Kommentar: Ved oppstart vart det ikkje skrive i føresegna kor stor del av BRA som kunne nyttast til kontor. Reguleringsføresegna er no endra til å spesifisere at 50% av BRA kan nyttast til kontor. Herøy kommune meiner dette er ei kurant reguleringsendring.

Kystverket Midt-Norge, datert 29.05.2018

*Vi forutsetter at viste flytebrygge med 2 båtar og landgang fjernes fra illustrasjonsplanen som følger vidare til plangodkjenning. Denne signaliserer føringer som ikke er tatt stilling til i gjeldende regulering eller den nå forelagte reguleringsendring.*

*Andre endringer som kan være fordel å ta med i planbestemmelsene er følgende: Ved planlegging av flytebryggeanlegg (jfr § 6.3 i gjeldende reguleringsplan Vågsholmen) skal anlegget med tilhørende utriggere, landgang og forankrings/fortøyningsanlegg utformes og plasseres slik at båtar kan snus i regulert småbåtområde for å få vendt baugen vestover før utseiling til Trafikkområde sjø - T5».*

*Utfylling og anlegg i/ved sjø i havna har betydning for Kystverkets egne anlegg og skal omsøkes og behandles etter havne og farvannsloven § 28. Søknader kan med fordel forelegges lokal havnemyndighet slik at deres tilråding følger sakspapira ved oversending til Kystverket.*

Kommentar:

- Illustrasjonen av 2 båtar og landgang er teke ut frå planomtalen.
- Reguleringsføresegna vert endra med tillegget frå Kystverket.
- Informasjonen er teke til vitande.

### **Konsekvensar av reguleringsendringa**

Overordna planar og retningslinjer:

Rådmannen meiner at eit arealbruk i form av bustad/kontor og at denne endringa soleis vil vere i samsvar med hovudtrekka i gjeldande plan. Ein avvik ikkje vesentleg frå opphaveleg plan og dette vil kunne vere med å realisere planforslaget raskare

enn dersom området vart liggande som eit reint bustadområde slik det ligg i dagen plan.

#### Verknadar på landskap og omgjevnadar:

Infrastrukturen i området har blitt oppgradert i 2017 og oppdimensjonert for å tåle ekstra belastning som følgje av auka aktivitet på Vågsholmen. Rådmannen meiner infrastrukturen vil tåle denne endringa som vil medføre ei lita auke i trafikk rundt 08.00 og 16:00.

#### Funksjonell om miljømessig kvalitet:

Nytt bygg skal ta omsyn til siktlinjene frå Fosnavåg mot Remøybrua. Dette prosjektet må også samankoplast med prosjektet som ligg på nabotomta 33/51. Promenaden må leggest på same nivå som prosjektet på 33/51. Rådmannen vil krevje ein viss arkitektonisk standard på utbygginga på Vågsholmen. Det visuelle uttrykket for utbygginga på Vågsholmen er svært viktig då dette vil vere ein del av opplevinga for besøkande i Fosnavåg. Dette vert teke opp igjen i byggesaka.

#### Risiko og sårbarheit:

Når det gjeld havnivåstigning og bølgepåverkna vil promenade og uteområde vil bli sett i samanheng med nabotomta i nord. Der er promenaden godkjent på kote + 1.7 NN2000. Konstruksjonar under kote + 2.7 må oppførast i materiale som toler stormflo og bølgepåverknader.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil ha positive konsekvensar då området vert utbygt med promenade i framkant som sikrar ålmenta nærleik til hamna og moglegheit til å gå langs Fosnavåg hamn.

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende konsekvensar.

#### Konsekvensar for drift:

Ingen kjende konsekvensar.

#### Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12:

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

*Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.*

#### §8 Kunnskapsgrunnlaget

Ved gjennomgang av database for naturmangfald (<http://artskart.artsdatabanken.no/> og <http://kart.naturbase.no/> ) ser ein at utbygging, slik det er planlagt, ikkje er i direkte konflikt med verken naturtypar, dyre- og fugleartar. Rådmannen ser derfor ikkje behov for å gjere ytterlegare undersøkingar knytt til naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget vurderast derfor som tilstrekkeleg for denne saka.

#### §9, Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

#### § 11, kostnadane ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar

*Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.*

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 og 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.


Rådmannen rår derfor til at Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 reguleringsendringa for B5 Vågsholmen.

Fosnavåg, 19.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



6916950

6916900

325750






325800

325850



**BKB1**  
 Bolig/kontor  
 %BYA= 40%

**Mindre endring Vågsholmen**

-  Bolig/kontor
- Linjesymbol**
-  Plangrense
-  Formålsgrense
-  Byggegrense
-  Bebyggelse som forutsettes fjernet

Mindre endring Vågsholmen  
 PBL § 12-14

Dato	Konstr./tegn	Godkjent	Målestokk
12.12.2017			

Plankart M 1:500 A3	Erstatning for:	Erstattet av:
		901

Henvisning:	Beregning:	B. TARBERG AS
-------------	------------	---------------

# Reguleringsendring B5 Vågsholmen

Planidentifikasjon:

Eigengodkjenningsdato:

Eigengodkjend av:

1515-2018xx

xx.xx.2018

Herøy kommunestyre

## REGULERINGSFØRESEGNER

tilknyttta reguleringsendring for B5 Vågsholmen

### BKB1

Innanfor området kan det byggast bustader og kontor og ein kombinasjon av dette i same bygg i inntil 4 etasjar. Etasje på bakkenivå skal nyttast til parkering/lager.

% BYA skal ikkje overstige 40 % av tomtestorleiken.

50% av BRA kan nyttast til kontor.

Maksimal gesims/mønehøgde skal ikkje overstige kote + 16.7 NN2000.

Ferdig golv for kontor og leiligheiter skal plasserast minimum på kote 2.7 over NN2000. Dei delane av bygninga som ligg lågare enn 2.7 m over NN2000 må byggast i materiale som toler overfløding og bølgepådriv.

Mot sjøfronten skal det opparbeidast promenade som skal vere open for allmenn ferdsel.

Det kan fyllast ut i sjø som vist på plan. Utfylling i sjø skal berre gjerast med eigna masser og på ein slik måte at ein unngår utvasking og ulemper for det maritime miljøet.

Det kan etablerast landfeste for flytebrygge på promenaden. Det vert tillate med pullertar og kaiskinne. Promenaden skal kunne fungere som liggeplass for båtar og ha eit estetisk uttrykk mot sjø med anten natursteinmur eller kaiskjørt. Før tiltak i sjø kan iverksetjast må det liggje føre løyve frå Kystverket.

Minimum 10 % av tomta skal settast av til uteområde for bueiningane.

Parkeringsdekninga skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter for Herøy kommune.

Parkering for området BKB1 kan byggast som nedgravd parkeringskjellar i kombinasjon med overflateparkering utvendig rundt bygget.

Uteområde og promenaden skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve for nye bueiningar innanfor området.

Ved planlegging av flytebryggeanlegg (jfr § 6.3 i reguleringsplan Vågsholmen) skal anlegg med tilhøyrande utriggera, landgang og forankrings/fortøyningsanlegg utformast og plasserast slik at båtar kan snu i regulert småbåtområde for å få vendt baugen vestover før utsegling til Trafikkområde sjø - T5.

Herøy kommune, xx/xx/2018

---

ordfører

# Planomtale

## Reguleringsendring B5 Vågsholmen




Herøy kommune - 19.04.2018



### **Planområdet, avgrensing og verknader utover planen**

Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål frå bustadformål til nytt kombinert formål bustad/kontor.

Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 33/65, 33/94, 33/64. Planområdet er om lag 1 daa stort. Det er foreslått at det nye området blir BKB1.




*Flyfoto av eigedomar som inngår i planområdet*


### **Formål med endringa**

Herøy kommune ynskjer gjennom ei mindre reguleringsendring å gjere ei endring i reguleringsplanen avgrensa til området B5, slik at det vert mogleg med oppføring av eit kombinasjonsbygg med kontor og leilegheiter på tomta. Dagens reguleringsplan opnar berre opp for bustadformål ved denne delen av Vågsholmen.


Det har vore holdt oppstartsmøte med kommunen av 09.01.2018 sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar. Det vart varsla oppstart/høyring av reguleringsendringa 23.03.2018 med utsending til alle grunneigarar, naboar og regionale instansar med kunngjering i avis og på internett. Frist for uttale var 13.04.2018 (3 veker).




Kartutsnitt av gjeldende plansituasjon for området



3D illustrasjon (dagens situasjon) frå nordvest



3D illustrasjon (dagens situasjon) frå sørvest



3D perspektiv sett ovanfrå

### **Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder**

Området fikk ferdigstilt ny infrastruktur i 2017 som legg til rette for utvikling av ein heilt ny bydel i Fosnavåg. Forslagstillar ynskjer, i lys av utviklinga, å realisere eit bygg i 4.etg med garasje/parkering i 1. etg, kontor i 2. og 3. etg og bustad i 4.etg. Det nye bygget vil ta utgangspunkt i eksisterande bygg på tomte som no blir vidareutvikla til eit nytt konsept. Krav til nærleikeplass i gjeldande plan vert vidareført og kombinert med promenade.

### Hovudtrekka med endringa i reguleringsplanen vil vere avgrensa til:

- Endring av arealformål i plankartet BKB1 og utviding av dette mot sjø
- Eksisterande garasje på eigedomen vert regulert som bygg føreset fjerna
- Nye i føresegner for området BKB1
- Ny lokalisering av avkøyrsløse til tomta

### Illustrasjonsplan viser:

- Parkeringsdekning i samsvar med krav i kommuneplanens arealdel
- Lokalisering av parkeringsplassar
- Nærleikområde og uteopphaldsareal i samsvar med gjeldande plan
- Plassering av promenade
- Tilkomst til tomta

### **Byggesak som kjem seinare vil innehalde opplysningar som:**

- Plan, snitt og fasadeteikningar av nytt bygg
- Perspektiv av nytt bygg
- Situasjonsplan med plan for uteområde
- Avklaring om krav til sprinkling (Brannvern)
- Flytebryggeplassering
- Omsyn til barn og unge

### **Konsekvensar av mindre reguleringsendring**

#### *Forholdet til overordna planar og retningslinjer*

Den foreslåtte endringa vil ha få nemneverdige konsekvensar for området. Vi viser til at det på motsatt side av «Vågsholmvegen» er tillate kombinert arealbruk i form av bustad/kontor og at denne endringa soleis vil vere i samsvar med hovudtrekka i gjeldande plan.

#### *Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader*

Fleire kontor på Vågaholmen vil generere meir trafikk inn/ut av området, men dette vil bli tatt omsyn til av den nye infrastrukturen som blei ferdigstilt i 2017 med oppdimensjonert vegbreidde, fortau og nytt leidningsanlegg og LED-gatebelysning. I tillegg er det konkrete planar i inneverande budsjettperiode frå kommunen å oppgradere resterande deler av infrastrukturen (inkludert brua) fra Urholmen til Nørvågen.

På lengre sikt vil også ei kryssing av «Vågen» gi moglegheiter for alternativ transport til Vågsholmen og såleis minske belastninga på vegsystemet med biltrafikk.

#### *Funksjonell og miljømessig kvalitet*

Nytt bygg vil også ta omsyn siktliner ved at nytt bygg ikkje vil bryte med dei definerte siktaksane som tidlegare har vore definert som særskilt viktige element ved nye bygg på Vågsholmen.

Det vil vidare bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå eit heilskapleg områdeoppfatning. Sentralt her vil vere samanheng i promenaden mot naboegedomen og det visuelle uttrykket for nytt bygg og promenade mot sjøfronten og sentrum.

Kommunen har i oppstartsmøte sagt at det ved prosjektering av nytt bygg og uteområde må leggast vekt på det estetiske uttrykket mot sjøfronten. Det er ønskeleg frå kommunen at promenaden/uteområdet i sør blir heva litt opp for å unngå at fasaden på parkeringskjellaren blir for dominerande. Det vil i forkant av byggesak bli jobba for å oppnå gode løysingar rundt desse momenta i vidare prosjektering.

#### Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Når det gjeld havnivåstigning og bølgepåverknar vil promenade uteområde vil bli sett i samanheng med nabotomta i nord. Der er promenaden godkjent på kote + 1.7 NN2000.

Konstruksjonar under kote + 2.7 må oppførast i materiale som toler stormflo og bølgepåverknader. Det vert ikkje lagt til rette for rom for varig opphald under kote + 2.7, eller i 1.etg, difor vil både nye bustader og kontor ligge på eit kotenivå for ferdig gulv som er tilstrekkeleg over estimert havnivåstigning for området, korrigert for lokale bølgepåverknader.

Sjå eiga ROS-sjekkliste.

Herøy kommune – OMR  
19.04.2018

# Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

## Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

**Fylkesmannen** har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

**GisLink** gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

**Namn på tiltak/plan:** Detaljreguleringsplan for Håvika – Herøy kommune. Vedlegg 5.

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
		<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunnje NEI etter behov.</i>			
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	h	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X		<i>Høgdeplassering over sjø: Gulv for kontor og leiligheiter i BKB1 skal plasserast minimum på kote 2.7.</i>
i	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	<i>Teknisk forskrift til PBL. setter krav til tiltak og at dette vil vere tilstrekkelig</i>	
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågareliggende område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vassforsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Kraft-forsyning</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Samferdsel</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d		X	
	e	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Miljø/Landbruk</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		



Brann/ ulukkes- beredskap	Er det knytt risiko til følgjande element?			Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?			X	
	b	Har området dårlige tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?			X	
	c	Anna (spesifiser)?				

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?			Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?			X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?			X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?			X	
	d	Anna (spesifiser)?				

Verksemds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?			Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?			X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?			X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?			X	
	d	Anna (spesifiser)?				

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?			Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?			X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?			X	
	c	Anna (spesifiser)?				

Sjekklista er gjennomgått den 19/04 - 2018 av Herøy kommune - OMR



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/342
		Arkiv:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
131/18	Formannskapet	03.07.2018
	Kommunestyret	23.08.2018

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR ELSEBØ - SLUTTHANDSAMING

#### Tilråding:

1. *Detaljreguleringsplan for Elsebø gnr. 30 bnr. 9 med tilhørende reguleringsføresegner datert 13.06.2018 blir vedteken.*
2. *Delar av områdeplan for Indre Bergsøy, planID 201247 som ny detaljreguleringsplan for Elsebø gnr. 30 bnr. 9, får konsekvensar for, blir oppheva.*

*Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato*

Særutskrift:

## Vedlegg:

- 1 Vedl01\_2326\_Plankart\_2018\_01\_12-A3-L
- 2 Vedl02\_2326\_reguleringsføresegner\_13.06.2018
- 3 Vedl15\_2326 Planomtale 2018\_01\_12
- 4 Vedl03\_2326\_951 Illustrasjonsplan
- 5 Vedl08\_2326 ROS-sjekkliste
- 6 Vedl13\_2326\_Sol\_skuggeanalyse
- 7 Vedl14\_2326\_Illustrasjon\_fjernverknader
- 8 Dokument 17/28992-6 Herøy kommune - Gnr. 30 bnr. 9 m.fl. - Reguleringsplan for Elsebø - Offentleg ettersyn - Uttale sendt fra Statens vegvesen
- 9 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gbnr 30/9 og del av 30/3 Elsebø - fråsegn ved offentlig ettersyn
- 10 Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Elsebø - gnr30 bnr9 - offentlig ettersyn

## Samandrag av saka:

På vegne av Tomteservice AS har Per Mulvik AS utarbeidd ein detaljreguleringsplan for del av gnr. 30 bnr. 9 på Elsebø i Herøy. Planframlegget legg til rette for 22 bueiningar innanfor BKS 1 og 2. Det ligg ikkje føre konkrete utbyggingsplanar for BKS 3 og den er såleis mindre detaljert enn BSK 1 og 2.

Fylkesmannen stiller krav om at det må innarbeidast i føresegna krav til eitt leikeapparat og denne endringa har blitt innarbeidd.

Rådmannen rår derfor til at kommunestyret eigengodkjenner detaljreguleringsplanen for Elsebø gnr. 30 bnr. 9.

## Saksopplysningar:

Saka gjeld slutthandsaming av reguleringsplan for Elsebø gnr. 30 bnr. 9. To grunneigarar har gått saman om å utarbeide ein felles plan for områda KS7 og KS8 i reguleringsplanen for indre Bergsøy. For KS7 og KS8 ligg det føre plankrav før utbygging som har gjort at grunneigarane må gjennomføre eit reguleringsarbeid. For ein grunneigar er det ynskje om å snarleg utbygging medan den andre har ingen konkrete planar om å bygge ut. Derfor er det noko forskjell i detaljeringsgrada på dei ulike områda innanfor planen.

## Oppsummering av planprosessen:

Tema	Dato	Saksnr.
Oppstartsmøte med grunneigar og konsulent	13.04.2016	
Kunngjering om oppstart	27.02.2017	
Frist for uttale til varsel om oppstart	24.04.2017	
Vedtak om offentlig ettersyn i Formannskap	10.04.2018	F-sak 61/18
Frist for uttale ved offentlig ettersyn	01.06.2018	
Slutthandsaming og vedtak om eigengodkjenning i Kommunestyret	23.08.2018	

## Om planforslaget:

### Avkøyrslé/tilkomst til planområdet/vegssystem

Planområdet får tilkomst frå den kommunale vegen Bergslibakken i vest som via Borgarhaugvegen munnar ut i RV654 (Buholmvegen) om lag 420 m lenger sør (luftlinje). I gjeldande områdeplan er Bergslibakken gitt namnet o\_V14 og regulert i 7 m breidde med 3 m einssidig fortau forbi planområdet.

### **Bustader – frittliggende småhus (BFS1)**

Ein del av områdeplanen regulert til frittliggende småhus som grensar til ny plassering av vendehammar. Bakgrunnen for at arealet er teke inn i detaljplanen er behov for justering av byggjegransa inn mot vendehammar. Føresegner er vidareført frå gjeldande områdeplan.

### **Bustader - konsentrert småhus (BKS1-3)**

Det er avsett 3 område for konsentrert småhusbustad (KS-område) med krav til %BYA mellom 25% og 40% i samsvar med gjeldande områdeplan.

For BKS1 og BKS2 er maksimal gesims- og mønehøgde for bustadhus sett til 6,5 m og 8,5 m, i samsvar med områdeplanen.

For BKS3 er høgdeavgrensinga satt til hv. 7,0 m og 9,0 m grunna skrått terreng som krev andre bustadtypar.

For alle KS-områda er maksimal gesimshøgde for carport/garasje satt til 4,0 m (mot 3,5 m i områdeplanen) og mønehøgde 5,0 m som i områdeplanen.

Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar derav ein overdekt i carport eller garasje på eiga tomt. Til planlagd 6-mannsbustad innanfor BKS1 er det lagt til grunn eit felles garasjeanlegg for 6 bilar og for 4-mannsbustadane legg ein til grunn doble carportar/garasjer – alle med integrert sportsbod. Øvrige parkeringsplassar er føresette dekte dels på eiga tomt – dels på felles parkeringsplass f\_SPP1

I følgje områdeplanen skal det til kvar bueining opparbeidast eit minste uteopphaldsareal (MUA) eigna til leik på minst 15m<sup>2</sup> samla i grupper på minimum 60m<sup>2</sup> netto. Dette inneber at det til kvar 4-mannsbustad etablerast eit felles MUA=60m<sup>2</sup> og til 6-mannsbustaden eit tilsvarende areal på 90m<sup>2</sup>.

Plankart og illustrasjonsplan syner planlagd utbygging med totalt 10 bueiningar innanfor BKS1 og 12 innanfor BKS2. BKS3 er mindre detaljert då det pr. dato ikkje ligg føre konkrete byggjeplanar for området. Ein har imidlertid gjennom føresegner, byggjegranser, avkøyrlesymbol og utnyttingsgrad lagt føringar for ei seinare utbygging.

Sentralt i planområdet er det avsett 800m<sup>2</sup> til nærleikeplass tilgjengeleg frå alle bustadane innanfor maksimalt 50m. Leikeplassen skal vere eigna for leik og opphald og plasseringa inntil friluftsområdet LF1 opnar for sambruk og med dette eit variert leik- og rekreasjonstilbod for ulike aldrar. Alle bueiningar utanom den nordlege tomta innanfor BKS1 har tilgang til leikeplassen utan kontakt med trafikkareal. Sidan f\_SKV3 berre betener den sørlege tomta vurderast trafikkmengda som så marginal og oversikta så god at slik kryssing må kunne akseptast.

Leikeplassen skal elles utformast som rekreasjons- og leikeområde der prinsippa for universell utforming så langt mogleg leggst til grunn slik at den heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7år skal imidlertid prioriterast.

## **Vurdering:**

### **Merknader ved offentleg ettersyn**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.06.2018:

*Det er svært positivt at det er sett av eit relativt stort areal sentralt i planområdet til leik, men vi saknar at føresegna stiller krav til minimum eitt leikeapparat i tillegg til sandkasse og benk. Vi reknar med at dette er ein glipp, og under føresetnad av at dette kravet kjem inn i føresegna, vil vi ikkje ha motsegn til planen.*

Kommentar:

Merknaden er teke til følgje og førsegna er endra.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 01.05.2018

*Vi har ikkje merknadar til at planen vert eigengodkjent.*

Statens vegvesen datert 04.05.2018

*Statens vegvesen har ingen særskild merknad til reguleringsframlegget for Elsebø.*

### **Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12**

§7 prinsipp for offentleg beslutningstaking i §§ 8 til 12

*Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.*

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Plankonsulent sjekka ut potensielle interessekonflikt i [www.artskart.no](http://www.artskart.no) og [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no). Det er ikkje registrert spesielt sårbare eller raudlista artar i planområdet. Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg for denne saka.

§9, Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§ 11, kostnadane ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar

*Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.*

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 og 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning* og *miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

### **Støy**

Planområdet er ikkje utsett for vegtrafikkstøy eller industriell støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442.

## Barn og unge

Skogen i området er i Barnetrakkregistrering registrert som ein skog for leik. Øvre del av skogen er planlagt til bustadar, men den største delen av skogen er uberørt av reguleringsplanen. Her er også ei lysning inne i skogen som vert bevart. Ned om skogen er det planlagt ein felles leikeplass innanfor området der dei aller fleste bygga har tilkomst utan å måtte krysse ein veg. Rådmannen ser i dette tilfellet leikeplassen i samanheng med skogsområdet som er registrert som ein stad der barn og unge leikar. Variasjonen mellom fri leik i naturleg terreng og ein mindre opparbeidd leikeplass som ein god kombinasjon. Samla sett meiner rådmannen at området er godt eigna for born og unge og at planforslaget vil gje ein positiv effekt på born i området.

### Konklusjon:


Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Elsebø gnr. 30 bnr. 9* med føresegner datert 13.06.2018

Fosnavåg, 13.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



## Teiknforklaring

### Reguleringsplan PBL 2008

#### §12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BFS Bustader-frittliggende-småhus
- BKS Bustader-konsentrert-småhus
- BRE Renovasjonsanlegg
- BLK Leikeplass

#### §12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV Køyreveg
- SGG Gangveg/gangareal
- SVT Annan veggrunn - teknisk anlegg
- SPP Parkeringsplassar

#### §12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift

- LF Friluftsmål

#### §12-6 - Omsynssoner

- Frisikt

#### §12-7 - Bestemmelseområder

- Linjesymbol**
- Krav om nærmere undersøkelser, overvåking og klargjøring av virkninger
  - RpGrense
  - RpFormålGrense
  - Regulert tomtegrense
  - RpBestemmelseGrense
  - Eiendomsgrense som skal oppveves
  - RpSikringGrense
  - Byggegrense
  - Planlagt bebyggelse
  - Bebyggelse som inngår i planen
  - Bebyggelse som forutsettes fjernet
  - Regulert senterlinje
  - Frisiktlinje
  - Regulert kant kjørebane
  - Regulert parkeringsfelt
  - Måle og avstandslinje
- Punktsymboler**
- Avkjørsel - både inn og utkjøring

#### Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Herøy kommune  
 Dato for basiskart: 28.01.2016  
 Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84  
 Høgdegrunnlag: NN1954

Ekvidistanse 1 m  
 Kartmålestokk: 1:1000 (A3)



Herøy  
kommune

## Detaljregulering Elsebø - gnr.30 bnr.9 Med tilhørende føresegner

Arealplan-ID:  
1515-201705

Forslagstillar:  
Tomteservice AS

### SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato			
Revisjon			
Dato			
Revisjon			
Dato			
Revisjon			
<b>Kommunestyret sitt vedtak</b>			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå .....til .....			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå.....til .....			
1. gongs handsaming			
Kunngjering av oppstart av planarbeid: 27.02.2017			
Oppstartsmøte: 13.04.2016			
<b>PLANEN ER UTARBEIDD AV:</b>			
	<b>TEGNNR.</b>	<b>DATO</b>	<b>SIGN.</b>
	2326-01	12.01.2018	JMO
Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak			
	Dato	Plansief	

## Detaljregulering for Elsebø – gnr.30 bnr.9

Planidentifikasjon:

Eigengodkjenningsdato:

Eigengodkjend av:

1515-201705

xx.xx.2018

Herøy kommunestyre

### REGULERINGSFØRESEGNER

tilknytt detaljregulering for Elsebø – gnr.30 bnr.9

Utarbeidd: 12.01.2018

Revidert: 13.06.2018

Eigengodkjend:

#### Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på plankartet 2326-01

Revidert 12.01.2018 – Per Mulvik AS

Sist revidert 16.04.2018 – Herøy kommune, etter vedtak i F-sak 61/18

#### § 1 GYLDIGHEITSSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser.

Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### § 2 ANDRE BESTEMMINGAR

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

#### § 3 PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### § 4 REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med plan- og bygningslova til følgjande føremål:

##### 4.1 Bygningar og anlegg (Pbl. § 12-5 nr. 1)

- 1111 Bustader – frittliggande småhus: BFS
- 1112 Bustader – konsentrert småhus: BKS
- 1550 Renovasjon, felles: f\_BRE
- 1610 Leikeplass, felles: f\_BLK

##### 4.2 Samferdsel og teknisk infrastruktur (Pbl. § 12-5 nr. 2)

- 2011 Køyreveg, offentleg; o\_SKV
- 2011 Køyreveg, felles; f\_SKV
- 2015 Gangveg, felles: f\_SGG
- 2018 Annan veggrunn, offentleg; o\_SVT
- 2018 Annan veggrunn, felles: f\_SVT
- 2019 Annan veggrunn, felles: f\_SVG
- 2082 Parkeringsplass, felles: f\_SPP

##### 4.3 Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift (Pbl. § 12-5 nr. 5)

- 5130 Friluftsføremål, offentleg; o\_LF

##### 4.4 Omsynssoner (Pbl. § 12-6)

- 140 Frisikt

##### 4.5 Føresegningsområde/bestemmelsesområde (Pbl. § 12-7)

- 12 Føresegningsområde kulturminne



## **§ 5 FELLESFØRESEGNER**

- a. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgevinga og dei kommunale vedtektene.
- b. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser og elles innanfor linjer for planlagd bebyggelse der slike er vist. Gesims- og mønehøgde målast ut frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget.
- c. Innanfor byggjeområda kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge tilpassa bebyggelsen elles i området.
- d. Kulturminne merka i plankartet som RpBg ID 138370 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving.
- e. Ved byggesøknad/-melding skal garasjeplasseringa visast sjølv om den ikkje skal byggast samstundes med andre bygg.
- f. Garasjar skal oppførast i ei høgd og det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje. Utforming, farge- og materialbruk må harmonere med bustadhuset.
- g. Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen angi planeringshøgder. Det tillatast oppført forstøtningmur i eigedomsgrensa.
- h. Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- i. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggjeområda.
- j. Kommunen skal ved handsaming av byggesøknader sjå til at bygga får ei god form og materialbruk og at bygg i same område vert mest mogleg harmoniske i form, farge og storleik.
- k. Gjerde og hekkar langs gater/vegar skal ikkje vere høgare enn 1,0m over tilgrensande vegnivå og 0,5m ved kryss/avkøyrsløp. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- l. Dersom det under graving vert mistanke om, eller påvist ustabile masser, må det gjerast grundigare kartleggingar av grunntilhøva.

## **§ 6 AREALBRUK**

### **6.1 BYGNINGAR OG ANLEGG, PBL. §§12-5 NR.1**

#### **6.1.1 Generelt**

- a. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er evt. glasfasade.
- b. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggjande bustadhus takast omsyn til slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for det arkitektoniske uttrykket. Nye bygg skal framheve byggeskikken for si tid og medverke til vidare utvikling av denne.
- c. Det skal avsetjast to (2) parkeringsplassar pr. bueining derav ein i garasje eller carport. Situasjonsplan skal vise plassering av garasje for tal bilar etter parkeringskravet.
- d. Dersom garasje ikkje vert bygt tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20m<sup>2</sup> pr. bilplass.
- e. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate med skjemmaende skjeringar eller fyllingar. Skjeringar som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningar skal framstå som vegetasjonsbelte.
- f. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- g. Der planering medfører støttemur mot nabetomt eller veg, skal muren vere av høg estetisk kvalitet.

- h. Ev. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- i. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og fortrinnsvis ferdigstillast samstundes med bygningane/ anlegget.
- j. Der bygningsplassering er vist med linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213) tillatast eit avvik på inntil ein (1) meter.

#### **6.1.2 Bustadar – frittliggande småhus (BFS)**

Innanfor BFS kan det byggjast frittliggande småhus med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til arealet høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (%-BYA):  
BFS-område: maksimum BYA 30%
- c. Bustadbygg skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5m.
- d. Garasjar/carport skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 4,0m og ei mønehøgde som ikkje overstig 5,0m.
- e. Garasjar/carport skal ikkje byggjast større enn med 49,9m<sup>2</sup> grunnflate og i berre ei høgde.
- f. Som minste uteopphaldsareal (MUA) på den enkelte tomt innanfor BFS-områda skal det setjast av minimum 20m<sup>2</sup> eigna for leik. Arealet skal gå fram av situasjonsplan

#### **6.1.3 Bustadar – konsentrert småhus (BKS)**

- a. Innanfor BKS kan det byggjast bustadhus med inntil seks bueiningar i kvar bygning. Til arealet høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.
- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (%-BYA):  
BKS-område: minimum BYA 25% og maksimum BYA 40%
- c. BKS-område skal planleggast under eitt, men kan byggjast ut i trinn.
- d. Bustadbygg innanfor BKS1 og BKS2 skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5m.
- e. Bustadbygg innanfor BKS3 skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 7,0m og ei mønehøgde som ikkje overstig 9,0m.
- f. Garasjar/carport skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 4,0m og ei mønehøgde som ikkje overstig 5,0m.
- g. Garasjar/carport skal som hovudregel organiserast som felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittstående enkel garasje eller carport (til ei bueining) byggjast med grunnflate inntil 36m<sup>2</sup>.
- h. Som minste uteopphaldsareal (MUA) innanfor KS-område skal det setjast av minimum 15m<sup>2</sup>/bueining eigna for leik. Areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60m<sup>2</sup>.

#### **6.1.4 Leikeplass (BLK)**

- a. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i slik stand at den er eigna for leik og opphald.
- b. Leikeplassen skal utførast som rekreasjons- og leikeområde.
- c. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd er leggast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.
- d. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast og leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med den til den kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr. Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.
- e. Leikeplassen skal minimum opparbeidast med sandkasse, benk og eitt leikeapparat.
- f. f\_BLK1 er nærleikeplass felles for BKS1-3.
- g. Der leikeplassen grensar til trafikkareal skal det setjast opp gjerde.

#### **6.1.5 Renovasjonlegg (BRE)**

- a. Innanfor f\_BRE1 er det avsett plass til nedgravd renovasjonsanlegg.
- b. f\_BRE er felles for bustadane innanfor BKS1-3.

## **6.2 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, PBL. §§12-5 NR.2**

### **6.2.1 Generelt**

- a. Innanfor område for veggrunn er det ikkje tillate med andre innretningar/anlegg enn dei som er naudsynte for drift og vedlikehald av veggrunnen.
- b. Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet.
- c. Tilkomst og kryssløysing skal opparbeidast i samsvar med planen.
- d. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegksjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal jf. Pbl.kap.16. Evt. vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følge av nærare detaljprosjektering.
- e. I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.
- f. Plassering av avkøyrslar markert med pil i plankartet kan fråvikast ved behov.

### **6.2.2 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)**

- a. Gjeld område avsett til grøft, skjering, fylling, støttemur, snøopplag m.m.
- b. Opparbeidast med breidder som vist i plankartet.
- c. Eigedomstilhøve som for tilgrensande veg.

### **6.2.3 Gangveg/gangareal (SGG)**

- a. f\_SGG1 og f\_SGG2 er felles for alle eigedomar innanfor plangrensa.
- b. Gangvegar opparbeidast med fast dekke, breidder som vist i plankartet, og så langt mogleg i samsvar med prinsippa for universell utforming.

### **6.2.4 Køyreveg (SKV)**

- a. o\_SKV1 er offentlig køyreveg med snuplass.
- b. f\_SKV2 er felles tilkomstveg for BKS2 og BKS3
- c. f\_SKV3 er felles tilkomstveg for BKS1
- d. Vegane opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.

### **6.2.5 Felles parkeringsplass**

- a. f\_SPP1 er felles parkeringsplass for bustadane innanfor BKS1-3 og opparbeidast med fast dekke.

## **6.3 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL, PBL. §§12-5 NR.5**

### **6.3.1 Friluftsmål (LF1)**

- a. I friluftsområda er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjønner er til hinder for bruken av området.
- b. Det kan etablerast gangstiar innanfor området.
- c. Gangsti skal ha naturleg dekke ev. dekke av grus.
- d. o\_LF1 er offentlig.

## **§ 7 OMSYNSSONER, Pbl. §12-6**

### **7.1 Frisiktsoner**

- a. Frisiktsoner er vist med omsynssone, kode H140. Frisiktsoner i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0,5m over tilgrensande vegar sitt nivå.
- b. Enkeltstående høgstamma tre kan tillatast.

## **§ 8 FØRESEGNSOMRÅDE/BESTEMMELSEOMRÅDE, Pbl. §12-7**

- a. Kulturminne som er merka i plankartet med rpbg ID 138370 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving.
- b. Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte,forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda

kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

#### **§ 9 REKKEFØLGJEKRAV**

- a. Felles nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest. Leikeareal innanfor byggjeareala (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.
- b. O\_SKV1 skal byggjast som vist på plankartet t.o.m snuplassen før kommunen kan tillate bygging innanfor BKS1-3.

Herøy kommune, xx/xx/2018

\_\_\_\_\_  
ordfører

FORSLAGSSTILLAR:  
TOMTESERVICE AS

PLANOMTALE:  
FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:  
**Elsebø – gnr-30 bnr.9**  
PlanID: 1515-201705

DATO 12.01.2018



Tomteservice AS

  
**mulvik**  
[www.mulvik.no](http://www.mulvik.no)

**norhus**  
prosjekt 

## Innhold

1	SAMANDRAG.....	3
2	BAKGRUNN .....	3
2.1	Målet med planen .....	3
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold .....	4
2.3	Tidlegare vedtak i saka .....	4
2.4	Utbyggingsavtalar .....	4
2.5	Krav om konsekvensutgreiing .....	4
3	PLANPROSESSEN .....	4
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram .....	4
4	PLANSTATUS OG RAMMER .....	5
4.1	Overordna planar .....	5
4.2	Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar .....	5
4.3	Temaplanar .....	6
4.4	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar .....	6
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE .....	7
5.1	Lokalisering .....	7
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk .....	7
5.3	Staden sin karakter.....	8
5.4	Landskap .....	8
5.5	Kulturminne og kulturmiljø .....	8
5.6	Naturverdiar .....	8
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde .....	8
5.8	Landbruk.....	8
5.9	Trafikkforhold .....	9
5.10	Barn sine interesser.....	9
5.11	Sosial infrastruktur.....	9
5.12	Universelt tilgjenge .....	9
5.13	Teknisk infrastruktur .....	9
5.14	Grunnforhold.....	10
5.15	Støyforhold .....	10
5.16	Luftforureining.....	10
5.17	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) .....	10
5.18	Næring.....	10
5.19	Analysar/utgreiingar.....	11
6	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET .....	11
6.1	Planlagt arealbruk.....	11
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål.....	11

6.3	Bebyggelsen si plassering og utforming.....	13
6.4	Bumiljø/bukvalitet .....	13
6.5	Parkering .....	14
6.6	Tilknytning til infrastruktur.....	14
6.7	Trafikkløsning .....	14
6.8	Planlagde offentlege anlegg.....	15
6.9	Miljøoppfølging .....	15
6.10	Universell utforming.....	15
6.11	Uteopphaldsareal .....	15
6.12	Landbruksfaglege vurderingar.....	16
6.13	Kulturminne .....	16
6.14	Sosial infrastruktur.....	16
6.15	Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentlig nett.....	16
6.16	Plan for avfallshenting .....	17
6.17	Avbøtande tiltak/løysingar ROS .....	17
6.18	Avbøtande tiltak/løysingar Naturmangfaldlova.....	17
6.19	Rekkefølgjekrav.....	17
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET .....	17
7.1	Overordna planar.....	17
7.2	Landskap, omgjevnader og staden sin karakter .....	18
7.3	Estetikk.....	19
7.4	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi.....	19
7.5	Tilhøvet til naturmangfaldslova.....	19
7.6	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk.....	19
7.7	Uteområde.....	19
7.8	Trafikkforhold.....	19
7.9	Barn sine interesser.....	19
7.10	Sosial infrastruktur.....	19
7.11	Universell tilgjengelighet.....	20
7.12	Energibehov – energibruk .....	20
7.13	ROS.....	20
7.14	Jordressursar/landbruk.....	20
7.15	Teknisk infrastruktur .....	20
7.16	Økonomiske konsekvensar for kommunen .....	20
7.17	Konsekvensar for næringsinteresser.....	20
7.18	Interessemotsetnader/konflikttema .....	20
7.19	Avveging av verknader .....	20
8	KONSEKVENsutGREIING.....	21

9	INNKOMNE INNSPEL .....	21
9.1.1	Britt Wenche Bostad (24.04.2017) .....	21
9.1.2	Statens Vegvesen (15.03.2017) .....	21
9.1.3	NVE (19.04.2017) .....	21
9.1.4	Søre Sunnmøre Landbrukskontor (24.04.2017) .....	21
9.1.5	Møre og Romsdal fylkeskommune (09.03.2016) .....	21
9.1.6	Fylkesmannen (10.03.2016) .....	23

- Vedlegg som følgjer saka:
  1. 2326\_Plankart (PDF/SOSI)
  2. 2326\_Reguleringsføresegner (PDF/DOC)
  3. 2326\_951 Illustrasjonsplan
  4. 2326\_211 Lengdeprofil o\_SKV1 (PDF)
  5. 2326\_212 Lengdeprofil f\_SKV2 (PDF)
  6. 2326\_213 Lengdeprofil f\_SKV3 (PDF)
  7. 2326\_214 Lengdeprofil f\_SKV4 (PDF)
  8. 2326\_ROS-sjekkliste
  9. 2326\_Referat frå oppstartsmøte
  10. 2326\_Varslingsbrev
  11. 2326\_Annonse
  12. 2326\_Innspel/merknad til oppstart
  13. 2326\_Sol-/skuggeanalyse
  14. 2326\_Illustrasjonar/fjernverknader

## 1 SAMANDRAG

På vegne av Tomteservice AS fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for del av gnr.30 bnr.9 på Elsebø i Herøy kommune.

Planen med namn «Elsebø – gnr.30 bnr.9» har planID «1515-201705», er utarbeidd i samsvar med overordna plan - med nokre justeringar - og så langt praktisk mogleg tilpassa innkomne merknader.

Verknader av planframlegget er synleggjort gjennom utarbeiding av 3D-modell med utsnitt frå denne som vedlegg saman med m.a sol-/skuggeanalyse.

Det har vore samtalar og undervegs møte med Herøy kommune m.a i høve vegløyser, snuplass, ev. omdisponering av KS7 m.m. og vi vurderer no saka tilstrekkeleg opplyst som grunnlag for ei positiv kommunal handsaming. Planframlegget vert fremja som detaljreguleringsplan i samsvar med Pbl§§12-3.

## 2 BAKGRUNN

### 2.1 Målet med planen

Bergsøy er eit sentralt og populært bustadområde i Herøy kommune der marknaden - etter forslagsstillar si vurdering - har behov for leiligheiter som dei kan tilby. I gjeldande områdeplan «201247 Indre Bergsøy» er aktuelt område (KS7 og KS8) avsett til konsentrert busetnad med krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan før utbygging. Ved varsel om oppstart signaliserte ein ønskje om omdisponering av KS7 til frittliggande småhus, men dette utgår grunna motstand frå både kommune og fylkesmann (jfr. merknad til planoppstart). Ein legg difor områdeplanen til grunn og regulerer begge områda til konsentrert småhusbusetnad.

For KS7 (BKS3) føreligg ingen konkrete planar om utbygging, så dette området er difor mindre detaljert i planframlegget. For KS8 (BKS1-2) derimot er planane konkrete og består i hovudsak av korsdelte 4M-



bustadar og ein 6M-bustad med tilhøyrande anlegg som carport/garasje, parkeringsplass/trafikkareal, leikeplass m.m.

Prinsippet for UU/tilgjengeleg bustad leggst til grunn der hovudfunksjonar er samla på inngangsplanet og det er lagt vekt på romslege og solrike tomter med nærleik til felles leikeplass og kringliggjande friluftsområde. Forholda ligg godt til rette både for barnefamiljar og eldre som kanskje vil byte ut einebustaden med noko mindre og lettstelt med god tilkomst og kort veg til sentrum. Mange av parkeringsplassane er tilpassa rørslehemma, og ein har elles så langt mogleg lagt parkeringsplassar og øvrig trafikkareal til ytterkant av planområdet med formål å oppnå eit mest mogleg bilfritt bustadmiljø i kjernen av planområdet.

## 2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar: Tomteservice AS.

Plankonsulent: Per Mulvik AS.

Grunneigar: Nils-Jacob Elsebø.

## 2.3 Tidlegare vedtak i saka

Ingen.

## 2.4 Utbyggingsavtalar

Ein varsla ved oppstart om at det blir inngått utbyggingsavtale mellom tiltakshavar Tomteservice AS og Herøy kommune vedr. tekniske anlegg, også anlegg som ligg utanfor plangrensa.

## 2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og i hovudsak også avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

# 3 PLANPROSESSEN

## 3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

### Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.04.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Avklaring av planstatus og plantype/tilhøvet til overordna plan
- Krav til detaljeringsgrad og leveranse
- Omsyn til leikeplass – arealbehov og plassering – evt. fråvik i høve områdeplan.
- Snuplass/plassering av avkøyrsløp – evt. fråvik i høve områdeplan.
- Utbyggingsavtale
- Storleik på carport – evt. fråvik i høve områdeplan.
- Plangrense

Møtereferat er vedlagt.

### Varsel om oppstart

Varsel om oppstart datert 27.02.2017 vart annonsert i avisa Vestlandsnytt og ved varslingsbrev med frist for innspel/merknader satt til 24.04.2017. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

### Innspel/merknader til varsel om oppstart

I samband med varsel om planoppstart kom det inn 7 innspel. Desse er vurdert, oppsummert og kommentert bak i planomtalen. Alle innspel er vedlagt.

### Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentlig ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	13.04.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 27.02.2017 Kunngjeringsannonse: 27.02.2017 Merknadsfrist: 24.04.2017
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Mai 2017
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Mai – Desember 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Januar 2018
Kommunal handsaming om utlegging til offentlig ettersyn/ høyring (frist 12 veker).	kommunen	Januar 2018
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Januar - Mars 2018
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	Mars 2018
<i>Ev. endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.</i>		

## 4 PLANSTATUS OG RAMMER

### 4.1 Overordna planar


#### Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar

I kommuneplanen sin arealdel for Herøy 2013-2025 utgjer planområdet del av B52 - noverande bustadbebyggelse.

### 4.2 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan for området er områdeplanen «201247 Indre Bergsøy» - godkjent 27.11.2014 – med krav i føresegnene §6 om detaljregulering før utbygging av m.a KS7 og KS8.

Planarbeidet er såleis i samsvar med overordna plan og utan krav om konsekvensutgreiing. Kartutsnittet nedanfor syner gjeldande og tilstøytande planar i området. Sørvestre del av planområdet grensar til reguleringsplanen «197301 Bergsøy/Bendal»



Figur 1: Gjøldande og tilgrensande reguleringsplanar med varsla plangrense i raudt.

### 4.3 Temaplanar

Inge kjende med relevans for saka.

### 4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

#### Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna areal- og transportplanlegging:

Planlagd utbygging er i samsvar med retningslinjene for samordna areal- og transport-planlegging der målet er ein mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport slik at transportbehovet vert avgrensa. For den nye bustadbusetnaden på Elsebø ser vi ikkje vesentlege konsekvensar i høve dette.

#### RPR for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga

Særleg pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming er relevant i denne plansaka:

- Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.
- I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:
  - Er store nok og eignar seg for leik og opphald.
  - Gjev høve til ulike typar leik til ulike årstider.
  - Kan nyttast av ulike aldersgrupper med høve til samhandling mellom born, unge og vaksne.


Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker og Herøy kommune sin rettleiar for dimensjonering av vegar lagt til grunn.

## 5 SKILDNING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

### 5.1 Lokalisering

#### Lokalisering

Planområdet ligg på Indre Bergsøy i Herøy kommune – ca 1,3 km aust for Fosnavåg sentrum.



Figur 2: Oversiktskart med koordinatfesta planområde.

#### Avgrensning og storleik på planområdet

Varsla planområde var på ca 15,1 daa avgrensa i samsvar med formålsgrenser i gjeldande områdeplan – jfr. figur nr.1 på side 6. Endeleg planframlegg er noko justert og utgjer totalt ca 15,5 daa

### 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Planområdet er ubebyggt og består i hovudsak av skrinn beitemark/lyng. Eit mindre område i sørvestre del – avsett til friluftsområde - består av granskog. I aust grensar planområdet mot Elsebøvegen, og i vest mot Bergslibakken. Like utanfor plangrensa i nordaustre del ligg våningshuset på gbnr.30/9.



Figur 3: Ortofoto av varsla planområde og omgjevnader.

### 5.3 Staden sin karakter

#### Struktur/estetikk/byform/eksisterende bebyggelse

Eksisterende bebyggelse utanfor planområdet består i hovudsak av frittliggande småhus/einebustader og tunområde.

### 5.4 Landskap

#### Topografi

Planområdet er lett kupert med ein markert rygg om lag midt i planområdet. I aust fell terrenget relativt bratt ned mot Elsebøvegen, vestover slak helling med overgang til tilnærma flatt terreng mot Bergslibakken.

#### Solforhold/lokalklima

Planområdet vurderast som solrikt og utan lokalklimatiske tilhøve å ta særleg omsyn til. Relativt høg og tett granskog i sør kan i noko grad skjerme for sola midt på dag.

#### Estetisk og kulturell verdi

Planområdet har ingen særleg estetisk eller kulturell verdi.

### 5.5 Kulturminne og kulturmiljø

#### Kulturminne

Ved områdereguleringa vart det i 2010 registrert ein steinalderlokalitet innanfor planområdet som Bergen museum og Riksantikvaren i 2014 vedtok at ikkje treng utgravast. Merking av lokaliteten med sikringssone og ldnr. 138370 er vidareført frå områdeplanen med føresegn som tillet fjerning utan vilkår om utgraving – jfr. merknad frå MR-fylke. Evt. funn skal imidlertid meldast til MR-fylke omgåande.

#### Kulturmiljø

Ingen registreringar i tilgjengelege databasar.

### 5.6 Naturverdiar


Ingen særskilde naturverdiar registrert i eller ved planområdet.

### 5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Sjølve planområdet har etter vår kjennskap heller ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

### 5.8 Landbruk

I følgje [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) består hovuddelen av planområdet av overflatedyrka jord i aust, open fastmark i vest med innslag av innmarksbeite og skog med middels bonitet i sør.



Figur 4: Utsnitt frå [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

## 5.9 Trafikkforhold

### Avkørsle/tilkomst til planområdet/vegssystem

Planområdet får tilkomst frå den kommunale vegen Bergslibakken i vest som via Borgarhaugvegen munnar ut i RV654 (Buholmvegen) om lag 420m lenger sør (luftlinje). I gjeldande områdeplan er Bergslibakken gitt namnet o\_V14 og regulert i 7m breidde med 3m einssidig fortau forbi planområdet.

### Trafikkmengde

Det føreligg ingen kjende registreringar av trafikkmengde (ÅDT) langs den kommunale vegen, men langs Rv654 er det iht. SVV sin kartbase registrert ein ÅDT=6070.

### Ulykkessituasjon

Ingen kjende ulukkespunkt i eller ved planområdet, men i krysset mellom Borgarhaugvegen og Fv654 om lag 420m lenger sør er det iht. vegvesenet sin kartbase registrert nokre uhell med berre lettare skadar.

### Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Frå krysset Bergslibakken/Kviehaugen, via Borgarhaugvegen til Rv654 og vidare langs denne i begge retningar er det opparbeidd fortau. Nord for krysset derimot er trafikken blanda, men som omtalt ovanfor er Bergslibakken i gjeldande områdeplan regulert med fortau.

Også Elsebøvegen i aust er opparbeidd med fortau eit stykke frå Rv654 og nordover med blanda trafikk dei siste 240 metrane oppover til plangrensa. Vidare opp er vegen regulert som gang- og sykkelveg. Då dette er ein blindveg for relativt få bueingar, vurderast tryggleiken for mjuke trafikantar som tilfredsstillande.

### Kollektivtilbod

Langs Rv654 er det på kvar side av krysset med Borgarhaugvegen etablert busslommer med samband kvar time på dagtid og annankvar time på kveldstid – jfr. [www.frammr.no](http://www.frammr.no).

## 5.10 Barn sine interesser

Etter det vi kjenner til vert ikkje området nytta av barn og unge i dag, men planområdet ligg nær både skular, barnehagar og idrettsanlegg.

## 5.11 Sosial infrastruktur

### Skulekapasitet/barnehagedekning

Om lag 800m (i luftlinje) vest for plangrensa ligg Bergsøy barneskule og Ytre Herøy ungdomsskule samt Bergsøy IL sine anlegg der det no også vert bygt ny fotballhall. Ca 300m vidare vestover langs Lisjebøvegen finn vi Herøy Vidaregåande skule med tilbod innanfor både bygg- og anlegg, helse -og oppvekstfag, naturbruk, m.m samt vaksenopplæring og påbygg til studiekompetanse. Om lag 250m austover langs Lisjebøvegen ligg Bergslia barnehage.

Kommunalsjef for oppvekst opplyser i samtale 28.11.2017 om svært god barnehagedekning i området – både privat og offentleg - medan barneskulen, og då særleg trinn 1-4 + SFO, har fullt belegg. Ein er godt kjend med desse utfordringane og arbeider etter det vi forstår med å finne løysingar.

### Anna

Planområdet er relativt sentrumsnært med kort avstand til Fosnavåg sentrum med alle typiske sentrumsfunksjonar, kulturhuset, bibliotek, Sunnmørsbadet, kyrkja og det flotte turområdet på Heid m.m.

## 5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er i dag ikkje universelt tilgjengeleg, men topografi og planlagt arealdisponering gjev eit godt utgangspunkt for å imøtekome gjeldande krav til tilgjengeleg bustad/prinsipp for universell utforming.

## 5.13 Teknisk infrastruktur

### Vatn og avløp

Det er i dialog med kommunen og vasslaget utarbeidd ein rammeplan med prinsipp for VA-teknisk utbygging. Delar av anlegget vil gjennom utbyggingsavtale bli gjenstand for kommunal overtaking.

## Trafo

Mørenett AS gav ingen merknad til varslinga, men det har undervegs vore dialog mellom forslagsstillar (Tomteservice AS) og Mørenett vedr. straumfosyning til området, ev. omlegging av høgspenlinje utanfor området m.m. Ein legg difor til grunn at straumforsyning er eller vert teke i vare t.d frå eksisterande trafokiosk like nord for plangrensa.

## Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknytning til fjernvarmenett.

## 5.14 Grunnforhold

### Stabilitetsforhold

I følgje Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) sitt lausmassekart ligg planområdet innanfor sona for usamanhengande eller tynt morenedekke over berggrunn - jfr. kartutsnitt nedanfor. Dette er materiale som er plukka opp og avsett av isbrear vanlegvis hardt samanpakka, dårleg sortert med innhald av alt frå leir til stein og blokk. Tjukkelsen er normalt under 0,5m, men kan lokalt vere meir.

Berggrunnskartet til NGU viser elles at området består av middelkorna glimmergneis.

Med dette vurderast stabilitetsforholda som normalt bra, men må vurderast meir konkret ved utbygging.



Figur 5: Utsnitt frå NGU lausmassekart.

## Skredfare

Tilgjengelege databasar syner ingen kjend risiko for verken flaum- eller skredfare.

## 5.15 Støyforhold

Planområdet er ikkje utsett for vegtrafikkstøy eller industriell støy ut over grenseverdiane fastsett i T-1442.

## 5.16 Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining ut over grenseverdiane fastsett i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

## 5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Fylkesmannen si sjekklister ved vurdering av ROS er gjennomgått, signert og vedlagt utan funn med trong for nærare utgreiing.

## 5.18 Næring

Det er inga kjend næringsverksemd i eller i umiddelbar nærleik til planområdet.

## 5.19 Analysar/utgreiingar

Det er ikkje utarbeidd særskilde analysar/utgreiingar som følgje av dette planarbeidet.

## 6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

### 6.1 Planlagt arealbruk

<b>§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>	Antal felt	feltnamn	Areal (daa)
Bustader – frittliggande småhus (BFS)	1	BFS1	0,30
Bustader - konsentrert småhus (BKS)	3	BKS1	2,23
		BKS2	3,13
		BKS3	3,49
Leikeplass (BLK)	1	f_BLK1	0,80
Renovasjonsanlegg (BRE)	1	f_BRE1	0,05
Sum areal denne kategori:	6		10,01
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur</b>			
Gangveg/gangareal (SGG)	2		0,03
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	15		0,84
Køyreveg (SKV)	4		2,36
Parkeringsplass (SPP)	1		0,20
Sum areal denne kategori:	22		3,44
<b>§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsmål</b>			
Friluftsmål (LF)	1		2,08
Sum areal denne kategori:	1		2,08
Totalt alle kategoriar:	29		15,52

### 6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

#### Bustader – frittliggande småhus (BFS1)

Gjeld del av områdeplanen regulert til frittliggande småhus som grensar til ny plassering av vendehammar. Bakgrunnen for at arealet er teke inn i detaljplanen er behov for justering av byggjegransa inn mot vendehammar. Føresegner er vidareført frå gjeldande områdeplan.

#### Bustader - konsentrert småhus (BKS1-3)

Det er avsett 3 område for konsentrert småhusbusetnad (KS-område) med krav til %BYA mellom 25 og 40% i samsvar med gjeldande områdeplan.

For BKS1 og BKS2 er maksimal gesims- og mønehøgde for bustadhus sett til hv. 6,5m og 8,5 i samsvar med områdeplanen.

For BKS3 er høgdeavgrensinga satt til hv. 7,0m og 9,0m grunna skrått terreng som krev andre bustadtypar. For alle KS-områda er maksimal gesimshøgde for carport/garasje satt til 4,0m (mot 3,5m i områdeplanen) og mønehøgde 5,0m som i områdeplanen. Det tillatast ikkje ark/takglas på garasje.



Til kvar buening skal det opparbeidast to parkeringsplassar derav ein overdekt i carport eller garasje på eiga tomt. Til planlagd 6-mannsbustad innanfor BKS1 er det lagt til grunn eit felles garasjeanlegg for 6 bilar og for 4-mannsbustadane legg ein til grunn doble carportar/garasjer – alle med integrert sportsbod. Øvrige parkeringsplassar er føresett dekt dels på eiga tomt – dels på felles parkeringsplass f\_SPP1. Tilgjengelege bueningar (bustadar på bakkeplan) er tilgodesett med ein parkeringsplass for rørslehemma anten i carport eller som open.

Bygningar skal vidare plasserast innanfor linjer for planlagd bebyggelse med eit avvik på maksimalt +/- 1 meter. Vist plassering/orientering spelar på tomtene sine kvalitetar på ein måte som opnar for gode private og felles uteopphaldsareal både i høve storleik og soltilhøve.

I følgje områdeplanen skal det til kvar buening opparbeidast eit minste uteopphaldsareal (MUA) eigna til leik på minst 15m<sup>2</sup> samla i grupper på minimum 60m<sup>2</sup> netto. Dette inneber at det til kvar 4-mannsbustad etablerast eit felles MUA=60m<sup>2</sup> og til 6-mannsbustaden eit tilsvarande areal på 90m<sup>2</sup>. Framlegg til plassering på solrik side er vist i illustrasjonsplanen – der ein også har søkt å samle areala mest mogleg.

Plankart og illustrasjonsplan syner planlagd utbygging med totalt 10 bueningar innanfor BKS1 og 12 innanfor BKS2. BKS3 er mindre detaljert då det pr. dato ikkje ligg føre konkrete byggeplanar for området. Ein har imidlertid gjennom føresegnar, byggjegranser, avkøyrlesymbol og utnytingsgrad lagt føringar for ei seinare utbygging.

### **Leikeplass (BLK)**

Sentralt i planområdet er det avsett 800m<sup>2</sup> til nærleikeplass tilgjengeleg frå alle bustadane innanfor maksimalt 50m. Leikeplassen skal vere eigna for leik og opphald og plasseringa inntil friluftsområdet LF1 opnar for sambruk og med dette eit variert leik- og rekreasjonstilbod for ulike aldrar.

Alle bueningar utanom den nordlege tomta innanfor BKS1 har tilgang til leikeplassen utan kontakt med trafikkareal. Sidan f\_SKV3 berre betener den sørlege tomta vurderast trafikkmengda som så marginal og oversikta så god at slik kryssing må kunne akseptrast.

Leikeplassen skal elles utformast som rekreasjons- og leikeområde der prinsippa for universell utforming så langt mogleg leggst til grunn slik at den heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7år skal imidlertid prioriterast.

### **Renovasjonsanlegg (BRE)**

I samråd med SSR er det avsett areal til felles returpunkt mellom o\_SKV1 og f\_SKV4 der ein legg opp til nedgravd løysing av type Sub-Vil Underground System. Anlegget blir felles for bustadar innanfor planen.

### **Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)**

Område langs vegar avsett til grøft, snøopplag, autovern, terrengmur m.m.

### **Gangveg/gangareal (SGG)**

SGG1 sikrar tilkomst til leikeplass BLK1 frå planlagd 6-mannsbustad innanfor BKS, medan SGG2 er gang-samband/snarveg mellom f\_SKV2 og 4.

### **Køyrevegar (o\_SKV1, f\_SKV2, f\_SKV3 og f\_SKV4)**

Offentlege og interne privat/felles køyrevegar opparbeidast med breidder som framgår av plankartet, med fast dekke og elles i samsvar med kommunen sin rettleiar for dimensjonering av vegar. Ein har elles hatt dialog med kommunen på val av vegløyningar. Offentleg veg skal overtakast av kommunen for drift og vedlikehald i samsvar med utbyggingsavtale.

### **Parkeringsplass (f\_SPP)**

Gjeld parkeringsplass ved f\_SKV4 – felles for BKS1 og sørlege tomt innanfor BKS2. For bustadar innanfor BKS3 er det føresett parkering på eigen grunn. F\_SPP er for øvrig dimensjonert i samsvar med NBI-blad

312.130 figur og tabell nr.531 herunder med fire plassar tilpassa rørslehemma.

### Friluftsmål (LF)

Friluftsområde sør i planområdet med høve til opparbeiding av enkle gangstiar med naturleg dekke evt. dekke av grus.

## 6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

### Plassering og bygningshøgde

Bygningar skal plasserast i plan innanfor byggjegranser og linjer for planlagd bebyggelse der slike er vist. Gjeldande områdeplan legg til grunn følgjande bygningshøgder som er vidareført i detaljplan:

BKS1-2:	Bustadbygg:	mønehøgd inntil 8,5m og gesimshøgd inntil 6,5m
	Carport/garasje:	mønehøgd inntil 5,0m og gesimshøgd inntil 4,0m
BKS3:	Bustadbygg:	mønehøgd inntil 9,0m og gesimshøgd inntil 7,0m
	Carport/garasje:	mønehøgd inntil 5,0m og gesimshøgd inntil 4,0m

Planlagde bustadtypar innanfor BKS1-2 ligg innanfor desse grensene med hv. 8,2m og 6,1m.

### Grad av utnytting (%-BYA):

I samsvar med gjeldande områdeplan er det vidare lagt til grunn følgjande:

BKS1-3:            %BYA = min. 25% - maks. 40%

For BKS1 og BKS2 er utrekna grad av utnytting basert på vedlagte illustrasjonsplan hv. 36,5% og 36,7%

## 6.4 Bumiljø/bukvalitet

### Bustadtype

Planen legg til rette for oppføring av konsentrert busetnad som 4- og 6-manns innanfor BKS1 og 2 og for BKS3 som konsentrert utan vidare spesifisering. Det er lagt til rette for bustadar med gode kvalitetar både innom- og utomhus. Bustadane er korsdelte, men romslege uteareal på solrik side opnar for at også dei øvre bueiningane får tilgang på eit godt privat uteareal.

Tilkomst, garasje/carport og parkering er i stor grad lagt mot nord og/eller til baksida av bygga, medan uteopphaldsareal i form av leikeplass, hage og terrasser vender mot sør og vest. Slakt skrånande terreng legg tilhøva til rette for etablering av bustadar som stettar krav om tilgjengeleg bueining på bakkenivå.

### Barn og unge

Nærleikeplassen sentralt i feltet vert tilgjengeleg frå alle bueiningar godt innanfor kravet til maksimalavstand på 50m. Som omtalt framfor skal leikeplassen vere eigna for leik og opphald med tilrettelegging for born i alderen 1-7 år som prioritet. Det er m.a sett krav i føresegnene om at leikeplassen minimum skal ha sandkasse, benk og noko fast dekke.

Lokaliseringa inntil friluftsområdet LF1 på 2,1 daa opnar også for sambruk mellom formåla og med dette eit variert leik- og rekreasjonstilbod for alle aldersgrupper. Innanfor LF1 kan det opparbeidast enkle stiar med naturleg dekke eller grusdekke – utover dette skal området vere uendra.

Områdeplanen krev minst 15m<sup>2</sup> pr. bueining til minste uteopphaldsareal (MUA) for leik og anna, og at ein i KS-områda slår desse saman til fellesområde på minst 60m<sup>2</sup>. Dette betyr at det til kvar 4-mannsbustad skal etablerast eit MUA-område på minst 60m<sup>2</sup> og tilsvarende 90m<sup>2</sup> tilknytt 6M-bustaden. Framlegg til slik samlokalisering er vist i illustrasjonsplanen på solrik side og gjev høve til gode uteopphaldsareal.

Forøvrig ligg planområdet nær både skular, barnehage og idrettsanlegg samt flott turterreng i fjella rundt. Det ligg m.a.o. godt til rette for både organisert og fri leik/aktivitet for ulike aldersgrupper.

## Sol-/skuggeanalyse

Vedlagte sol-/skuggeanalyse for 20.mars og 21.juni viser at området er svært solrikt, og at leikeplass og øvrig uteopphaldsareal har gode soltilhøve. Analysen er basert på kommunalt grunnkart og tek omsyn til fjella i kring og planlagde bygningar. Evt. feil eller manglar i kartgrunnlaget er utanfor vår kontroll og kan sjølvstilt påverke resultatet.

## 6.5 Parkering

### Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

Til kvar bueining skal det opparbeidast to parkeringsplassar herav ein som overdekt i carport eller garasje. Innanfor BKS1 og 2 er carportane lokalisert ved hovudinngang til den enkelte bustad, og for H2 og H3 (jfr. illustrasjonsplan) gjeld dette også gjesteparkeringa. For øvrige bustadar er gjesteparkeringa dekt dels innanfor byggeområdet og dels som eige formål - f\_SPP1.

Plassering av carport/garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) skal visast på situasjonsplan sjølv om den evt. ikkje vert bygt samtidig med bustaden, og parkeringsareal med 20m<sup>2</sup>/bil takast inn i grunnlaget for utrekning av %BYA.

Det skal vere slik parkeringsdekning for byggeområda:

BKS1-3: 2pp pr.bueining der den eine skal vere i garasje/carport.

For BKS1 og 2 er plassering av parkeringsplassar vist på illustrasjonsplan.

## 6.6 Tilknytting til infrastruktur

### Vatn og avløp

I den kommunale Bergslibakken vest for planområdet ligg både vatn, spill- og overvassleidningar med tilstrekkeleg kapasitet/trykk for tilknytting. Vedlagte framlegg til VA-rammeplan syner mogleg tilknytting til offentleg nett og intern forgreining i feltet. Rammeplanen er utarbeidd i dialog med kommunen og vasslaget og legg føringar for søknad og detaljprosjektering.

## 6.7 Trafikkløysing

### Køyretilkomst

Planområdet får tilkomst frå Bergslibakken i vest via o\_SKV1 som i områdeplanen har namnet o\_V3.

### Utforming av vegar/stigningsforhold

Utforming av o\_SKV1 (o\_V3 i områdeplanen) er direkte vidareført frå områdeplanen med unnatak av vendehammar. Etter ønskje frå grunneigar, og etter samtykke frå kommunen, er vendehammaren gitt ei ny plassering på nordsida av o\_SKV1. Ein har samtidig dimensjonert vendehammaren i samsvar med N100 sine krav til snuplass for lastebil.

Øvrige internvegar er dimensjonert i samsvar med kommunal rettleiar der f\_SKV2 regulerast med breidder som for A1-veg og f\_SKV3 som privat tilkomstveg. Breidder framgår av plankartet og langs vegane er det avsett 1,5m til annan veggrunn/tekniske anlegg. I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggest på tomtegrunn/tilstøytande naboareal iht. Pbl. Kap.16. Forøvrig er det opning for å legge VA-leidningar, el-, tele- og fiberkablur i trafikkareal.

Vegane er gitt standard i forhold til funksjon og trafikkmengde og til kvar veg er det utarbeidd lengdeprofil som syner stigningsforhold o.a. Vegane ligg med relativt lite stigning og følgjer i stor grad terrenget.

### Frisikt

Det er avsett frisktsoner i vegkryss – i stor grad vidareført frå områdeplanen. Desse sonene må ikkje nyttast på måtar som på noko tidspunkt hindrar fri sikt, og skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

### Krav om samtidig opparbeiding

I samsvar med områdeplanen §14 g) skal o\_SKV1 (o\_V3 i områdeplanen) byggast ut som vist på plankartet før kommunen kan tillate bygging innanfor BKS1-3.

### Varelevering

Snuplass i enden av o\_SKV1 er dimensjonert for lastebil.

### Tilgjenge for gåande og syklende

Vegar i og rundt planområdet har blanda trafikk. Bergslibakken er regulert med einssidig fortau.

### Felles tilkomstveg, eigedomsforhold

F\_SKV2-4 regulerast som privat/felles veg for bustadar innanfor BKS1-3.

## 6.8 Planlagde offentlege anlegg

Utover kommunal overtaking av o\_SKV1 og hovudtrasé for VA-anlegg, inneheld planframlegget ingen offentlege anlegg.

## 6.9 Miljøoppfølging

Tiltaka i planframlegget medfører ikkje inngrep i, eller følgjer for, viktige deler av naturmiljøet. Tiltaket medfører heller inga særskild ureining. Det er difor ikkje lagt til grunn behov for særlege miljøtiltak som følgje av inngrep som planen fører med seg. Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

## 6.10 Universell utforming

### Krav:

I samsvar både med Tek10 og Tek17 (§12-2) vil krav om tilgjengeleg bueining vere gjeldande for bustadar med inngang på bakkeplan og legge føringar for tilgjenge både innom- og utomhus. Som del av søknad om tiltak skal situasjonsplan vise høgde mellom garasje/carport og hovudinngang/plan.

### Løysing:

Preaksepterte ytingar for gangtilkomst til bygningar med tilgjengeleg bueining framgår m.a av Tek17 §8-5: Trinnfri tilkomst med stigning maks 1:15 (1:12 over maks 5m), kvileplan for kvar 1m høgdeskilnad og fri breidde 1,6m (1,4 over maks 5m).

BKS1 og 2 er tilrettelagt for trinnfri tilkomst både mellom carport og bustadar på bakkeplan og mellom bustad og leik-/uteområde. Fleire av parkeringsplassane er også dimensjonert for rørslehemma.

## 6.11 Uteopphaldsareal

### Privat og felles uteopphaldsareal

Områdeplanen set krav om minst 15m<sup>2</sup> pr. bueining til minste uteopphaldsareal (MUA) for leik og anna, og at ein i KS-områda slår desse saman til fellesområde på minst 60m<sup>2</sup>. Dette betyr at det til kvar 4-mannsbustad skal etablerast eit MUA-område på minst 60m<sup>2</sup> og tilsvarande 90m<sup>2</sup> tilknytt 6M-bustaden. Framlegg til slik samlokalisering er vist i illustrasjonsplanen på solrik side og gjev høve til gode uteopphaldsareal.

Sentralt i planområdet er det også avsett 800m<sup>2</sup> til nærleikeplass som alle bueiningar har tilgang til innanfor maksimalt 50m. Leikeplassen skal opparbeidast slik at den er eigna for leik og opphald og opnar med plasseringa inntil friluftsområdet LF1 for sambruk og eit variert leike - og rekreasjonstilbod.

Alle bueiningar utanom den nordlege tomte innanfor BKS1 har tilgang til leikeplassen utan kontakt med trafikkareal. Sidan f\_SKV3 berre betener den sørlege tomte vurderast trafikkmengda som så marginal at kryssing må kunne akseptast. Kryssingspunktet er elles plassert på eit beinstrekk med god oversikt.

Leikeplassen skal elles så langt som mogleg utformast etter prinsippa for universell utforming slik at den heilt eller delvis kan nyttast av alle. Leik for born i alderen 1-7år skal prioriterast.

Føresegnene set krav om solrik plassering, skjerming mot forureining, trafikkfare og elektromagnetiske felt.

### Leikeplassar/grunngeving for avvik frå områdeplanen.

I dialog med kommunen er det gjennomført nokre mindre endringar i høve områdeplanen:

#### Leikeplass:

I områdeplanen er det regulert inn ein nærleikeplass - o\_LP4 - som skal vere felles for tilgrensande tomter. Då grunneigar går i mot opparbeiding av denne, har vi i staden regulert inn ein eigen nærleikeplass med same areal internt i planområdet som felles for BKS1-3.

#### Gang- og sykkelveg:

Områdeplanen viser elles ein 5m brei gang- og sykkelveg frå enden av sнопlass ved o\_SKV1, sørover og gjennom friluftsfomålet som i stor grad består av tett granskog.

Opparbeiding av ei slik brei «gate» gjennom dette flotte naturlandskapet vil ikkje berre øydelegge naturopplevinga, men også vere i stor strid med grunneigar sitt ønske.

Delar av strekninga er difor endra til køyreveg for BKS2 og 3 – med overgang til enkel natursti med natur- eller grusdekke vidare gjennom friluftsområdet.

#### **Tilkomst og tilgjenge**

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge set krav om at alle bueiningar innan ein gangavstand på 50 meter skal ha tilgang til ein nærleikeplass. Planframlegget støttar dette kravet med god margin. Alle planlagde bustadar har under 50m gangavstand til nærleikeklassen og framlegg til stiar/tilkomst som støttar stigningskrav er vist i illustrasjonsplanen.

#### **Sesongbruk**

Både storleik og form på leikeklassen gjev etter vårt syn rom for god og variert leik til alle årstider og for alle brukarar. Delar av leikeklassen kan også nyttast til ake-/skibakke for mindre barn.

#### **Andre uteopphaldsareal**

Innanfor ein radius på 800m finnast også både idretts- og skuleområde med gode moglegheiter for både organisert og fri leik og aktivitet for dei eldre barna.

#### **Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav**

Viser til reguleringsføresegnene.

### **6.12 Landbruksfaglege vurderingar**

Reguleringsformålet er i samsvar med overordna plan, ein legg difor til grunn at landbruksfaglege vurderingar vart gjort i samband med utarbeiding av områdeplanen.

### **6.13 Kulturminne**

Inga endring som følgje av plan.

Ved områdereguleringa vart det i 2010 registrert ein steinalderlokalitet innanfor planområdet som Bergen museum og Riksantikvaren i 2014 vedtok ikkje treng utgravast. Merking av lokaliteten med sikringsone og ldnr. 138370 er difor vidareført frå områdeplanen med føresegn som tillet fjerning utan vilkår om utgraving – jfr. merknad frå MR-fylke. Evt. funn skal imidlertid meldast frå om til MR-fylke omgåande.

### **6.14 Sosial infrastruktur**

Skulekapasitet innanfor trinn 1-4 er sprengt, medan barnehagedekninga er god. Det vert imidlertid arbeid for å løyse utfordringane.

### **6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett**

Det er i planframlegget ikkje avsett eigne areal til trafo, VA-anlegg eller andre kommunaltekniske bygg, men føresegnene opnar for at det innanfor byggje- og vegområda kan etablerast mindre nødvendige bygg eller installasjonar til slike føremål. Desse skal godkjennast av kommunen.

Det er pr.dato ikkje lagt til rette for alternativ fornybar energiforsyning som t.d.fjernvarme fram til området.

### 6.16 Plan for avfallshenting

I samråd med SSR er det sett av areal for felles nedgravd løysing sentralt i feltet ved offentlig veg o\_SKV1. Arealen er dimensjonert utifrå dagens behov med tillegg for framtidig sortering av glas- og metall, dvs. inntil 4 kontainerar felles for BKS1-3.

### 6.17 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Fylkesmannen si ROS-sjekkliste er gjennomgått og vedlagt utan funn av forhold med trong for nærare avklaring. Det er såleis ikkje noko der som talar i mot fremja arealbruk..

### 6.18 Avbøtande tiltak/løysingar Naturmangfaldlova

§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentlig avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøverknader som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Som vedlegg følgjer sjekkliste for naturmangfald.

#### Oppsummering:

Det er ikkje gjort funn/registreringar i området. Planframlegget medfører soleis ikkje skade på eller disponering om viktige landskap, økosystem, naturtypar og artar o.a. etter naturmangfaldlova.

#### Kunnskap (§8):

Vi oppfatar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova.

#### Førevar prinsippet (§9):

Dei tiltaka som vert foreslått gjeld utbygging som kommunen gjennom regelverket vil ha kontroll med skjer i ordna former, jf. handtering av utslepp. Det vil bli lagt vekt på at vidare ureining i området ikkje skjer.

#### Samla belastning (§10):

Planframlegget medfører ikkje vesentlege ulemper for naturmangfaldet.

#### Overvaking (§11):

Så langt kommunen kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med overvaking av naturmiljøet.

#### Alternativ lokalisering (§12):

Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at det innanfor planområdet i dag finnast verdfulle eller truga artar. I høve naturmangfaldet er det såleis ikkje behov for alternative lokaliseringar.

#### Konklusjon:

Samla belastninga av tiltaket medfører ikkje vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

### 6.19 Rekkefølgjekrav

Vegar og leikeplass skal vere opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve for bygningane.

## 7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

### 7.1 Overordna planar

Planframlegget (føresegner og plankart) byggjer i all hovudsak vidare på gjeldande områdeplan med nokre mindre justeringar. Med henvisning til områdeplanen er følgjande endra:

- a) Snuplass i enden av o\_V3 er flytta til motsett side av vegen etter ønske frå grunneigar og etter avtale med kommune. Endringa vurderast som uproblematisk m.a fordi snuplassen sin funksjon ikkje vert påverka og fordi det er same grunneigar på begge sider.
- b) Gangveg GS7 utgår då grunneigar motset seg opparbeiding. Traseen er lagt gjennom eit flott

skogslandskap som ved opparbeiding iht. plan ville blitt rasert. Skogen har høg verdi som rekreasjons-/friluftsområde slik den ligg og ein har i føresegnene lagt til rette for kun enkel opparbeiding av ein smal tursti/rås med toppdekke av grus eller stedlige masser. Del av GS7 mellom KS7 og KS8 er endra til køyreveg for delfelta.

- c) Då grunneigar også motset seg opparbeiding av leikeplass o\_LP4 har ein vore nøydd til å dekkje kravet til nærleikeplass internt i byggeområdet KS8 i staden. Ein har difor sett av eit like stort areal (800m<sup>2</sup>) som o\_LP4 til intern nærleikeplass. Som kompensasjon for redusert byggeareal er difor formålsgrrensa mellom FL4 og KS8 etter avtale med kommunen noko justert, men sidan GS7 utgår frå plan (jfr. punkt b) er det totale friluftarealet faktisk større enn i områdeplanen. Auken er frå 1,7daa (FL3+FL4) til 2,1daa.
- d) Grunna krevjande skrått terreng innanfor KS7, er det i detaljplanen der opna for 0,5m høgare tillaten møne- og gesimshøgde for bustadbygg enn i områdeplanen. For begge KS-områda er tilsvarande auke lagt til grunn for maksimal tillaten gesimshøgde for carport/garasje.
- e) Elles er det gjort enkelte mindre justeringar i føresegnene m.a i høve gjerdehøgde langs veg m.m

Dei endringane som er gjort i høve områdeplanen har vore nødvendige for å kunne realisere planen, og rokkar etter vår vurdering ikkje ved intensjonen til planen. Ein viser elles til open og god dialog med kommunen i samband med endringane.

## 7.2 Landskap, omgjevnader og staden sin karakter

Planområdet er i dag eit i hovudsak ope og noko kupert område med eit markert høgbrekk sentralt i feltet. Terrenget fell så slakt mot nord og vest, noko brattare mot aust. I sør er det ein relativt tett granskog. Sjølve planområdet er ubebyggt, medan busetnaden utanfor og eit stykke i frå plangrensa hovudsakleg består av frittliggande småhus/ einebustader. Like nord for og inntil o\_SKV1 ligg tunet på Elsebø (gbnr.30/9) med våningshus og løde. Planforslaget legg til rette for konsentrert utbygging i samsvar med områdeplanen og ei slik utbygging av eit ubebyggt område vil nødvendigvis føre til endring av landskap og staden sin karakter. Det er imidlertid lagt opp til bygningstypar med volum og terrengtilpassing som saman med relativt store grøntområde gjer prosjektet godt tilpassa landskapet og omgjevnadar elles.

### Illustrasjon

Det er utarbeidd ein enkel 3D-modell av planlagd utbygging med utsnitt som vedlegg.



Figur 6: Planlagd utbygging av BKS1 og 2 (utsnitt frå 3D-modell)

### 7.3 Estetikk

Omsynet til estetikk innanfor BKS1 og 2 er etter vårt syn ivareteke gjennom ei moderne bygningsform og god terrengtilpassing. Det er lagt til rette for konsentrert busetnad med 4- 6 bueiningar i kvart bygg som i volum ligg nært opp til større moderne einebustader. For BKS1 og 2 er det valt bygningar som gjennom arkitektur, farge- og materialbruk er «i slekt» med kvarandre og som dermed vil gje eit ryddig og stilreint bustadområde med mykje luft og grønt til å vere eit KS-område. Bygga er elles vist med linjer for planlagd bebyggelse m.a ut frå omsynet til lys- og solforhold både ute og inne.

### 7.4 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi

Inga endring som følgje av plan – jfr. punkt 6.13

### 7.5 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Inga endring som følgje av plan – jfr. punkt 6.18. Oppslag i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artskart.no](http://www.artskart.no) viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Tiltaka som følgjer planen grip såleis ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø. Konklusjonen er at samla belastning av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

### 7.6 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Inga endring. Planen grip ikkje inn i rekreasjonsinteresser.

### 7.7 Uteområde

Kravet til uteoppfallsareal vert dekt dels som MUA, dels som leikeplass og dels som offentleg friområde. Planområdet ligg elles nær både skular og idrettsanlegg som og gjev gode forhold for leik og fritidsutøving. Planen medfører ikkje nedbygging av areal som tidlegare er tilrettelagt eller nemnande brukt som oppfallsareal/leik eller som friluftsområde i dag.

### 7.8 Trafikkforhold

#### Vegforhold

Planområdet får vegtilknytning frå Bergslibakken i samsvar med områdeplanen.

#### Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

ÅDT for Bergslibakken er ukjent, men full utbygging av BKS1-3 vil medføre noko trafikkauke. Dersom ein legg til grunn 4 bilpasseringar/døgn/bueining, vil ei full utbygging av BKS1 og 2 auke ÅDT langs Bergslibakken og vidare ned mot Rv654 med om lag 88. Legg ein til BKS3, vil auken kunne bli ca 120. Forbi planområdet er Bergslibakken regulert med ein-sidig fortau utan at ein kjenner til konkrete planar om oppgradering. Frå plangrensa og ca180m vidare ned er det i gjeldande plan ikkje regulert inn slikt fortau. Aust for området ligg Elsebøvegen som i øvre del er omregulert til GS-veg (GS3) frå sørlege ende og nedover til ein møter regulert fortau er det ca 230m.

Ideelt sett burde både Bergslibakken og Elsebøvegen vere oppgradert med fortau, men etter ei totalvurdering utfrå trafikkbelastning og vegstandard, finn ein tryggleiken akseptabel.

Internt i planområdet vurderast tryggleiken som god særleg ved at parkerings- og trafikkareala i stor grad er skilt frå leik og anna uteoppfallsareal.

### 7.9 Barn sine interesser

I forhold til T-2/08 vurderer vi planframlegget som tilfredstillande for born og unge, og særleg har vi tru på at sambruk av leikeplass og friluftsmålet kan gjere området til ein attraktiv møteplass.

### 7.10 Sosial infrastruktur

Skulekapasiteten særleg innanfor trinn 1-4 bør aukast, medan barnehagekapasiteten vurderast som god.



### 7.11 Universell tilgjengelighet

Planframlegget legg så langt som råd til rette for utbygging som stettar krava til universell utforming. Relevante krav m.o.t universell utforming/tilgjengeleg bueining bli gjort gjeldande.

### 7.12 Energibehov – energibruk

Det leggst til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.) kombinert med vedfyring.

### 7.13 ROS

Det er ikkje påvist vesentlege konsekvensar i høve ROS. Viser til vedlagde sjekklister

### 7.14 Jordressursar/landbruk

Alt ved områdereguleringa vart det klart at det aktuelle arealet utfrå arealmessige omsyn burde regulerast til konsentrert busetnad. Ein fann dette området best eigna for tilrettelegging av eit tilbod om mindre husvære.

Ønsket vårt om ei lågare utnytting av delar av feltet (KS7) er avvist både av kommunen og fylkesmannen under grunngjeving av at området både er ein sentral del av Herøy og består av gammal dyrkamark som begge deler tilseier høg arealutnytting. På bakgrunn av dette er framlegget utarbeidd i samsvar med både formål og intensjon i områdeplanen - til konsentrert busetnad.

### 7.15 Teknisk infrastruktur

Planforslaget vil ikkje gje behov for større endringar i eksisterande infrastruktur. Planområdet kan knytast til eksisterande kommunalt VA-nett og truleg også til eksisterande nettstasjon. Tilkomstveg inn i feltet er dimensjonert for lastebil som sikrar tilkomst for m.a utrykningskøyrety som brannbil etc. Ein vurderer såleis planområdet til å ha tilfredsstillande beredskap i høve krisesituasjonar.

### 7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planframlegget medfører ingen økonomiske konsekvensar for kommunen utover kostnader knytt til drift og vedlikehald av anlegg for kommunal overtaking.

### 7.17 Konsekvensar for næringsinteresser

Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for næringsinteresser utover at auka busetnad vil kunne generere vekst for lokalt næringsliv.

### 7.18 Interessemotsetnader/konflikttema

Det er ikkje avdekt særleg motsetnader utover det som er gjort greie for m.a i punkt. 7.14. Ønsket om ei lågare utnytting av KS7 er framsett av grunneigar – slik det også vart gjort under områdereguleringa. Vi vurderer imidlertid tilbakemeldingane på dette både frå kommunen og fylkesmannen som tydelege nok til at vi vidarefører formåla som er satt i områdeplanen. Utover dette registrerer vi ingen særskilte konflikttema.

### 7.19 Avveging av verknader

Fortetting i etablerte bustadområde skaper ofte engasjement, men i dette tilfellet er det ikkje registrert negative haldningar i det heile. Vi kan heller ikkje sjå at planforslaget vil gje ulemper for omgjevnadane utover det som må forventast ved ei fortetting – t.d noko trafikkauke.

Gjennom gjeldande områdeplan har ein bestemt at det aktuelle sentrumsnære området skal byggast ut konsentrert og etter vår vurdering representerer dette planframlegget ei moderat arealutnytting i høve det ein elles kan sjå av konsentrerte sentrumsnære utbyggingar.

Vi meiner dette kan bli eit attraktivt bustadområde ikkje minst grunna den store leikeplassen sentralt i feltet. Planframlegget legg til rette for attraktive leiligheiter av ulik storleik og for ulike kjøpargrupper fullt ut i samsvar med intensjonen i områdeplanen.

## 8 KONSEKVENsutGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og i hovudsak avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

## 9 INNKOMNE INNSPEL

Etter varsel om oppstart kom det inn i alt 6 merknader som i si heilheit er vedlagt. Nedanfor er eit utdrag med vår kommentar:

### 9.1.1 Britt Wenche Bostad (24.04.2017)

Innspel:

Viser til tidlegare klager i samband med regulering av Bergslia/Bergshagen vedkomande plassering av GS-veg langs Bergslibakken/Bergshaugvegen.

*Kommentar:*

*Kommentaren/merknaden gjeld forhold som ligg utanfor planområdet og beror etter det vi kan sjå på ei mistyding av reguleringsformål vest for Bergslivegen. Vi tilrår at det vert teke kontakt med kommunen si planavdeling for nødvendige avklaringar.*

### 9.1.2 Statens Vegvesen (15.03.2017)

Innspel:

Har ingen merknader.

*Kommentar: ingen*

### 9.1.3 NVE (19.04.2017)

Innspel:

Har ingen merknader.

*Kommentar: ingen*

### 9.1.4 Søre Sunnmøre Landbrukskontor (24.04.2017)

Innspel:

Har ingen merknader.

*Kommentar: ingen*

### 9.1.5 Møre og Romsdal fylkeskommune (09.03.2016)

Innspel:

#### 1) Barn og unge:

- a) Må sikre uteareal for felles opphald og leik med tilstrekkeleg storleik, utforming og plassering i forhold til bygg, tilkomst og parkering. Både uteoppald- og leikeareal skal vere eigna for bebuarar på bakkeplan.
- b) Viser til RPR sine breiddekrav til leikeplass (10m) og hevdar at utomhus opphaldsareal tilsvarande ikkje kan vere vesentleg smalare enn 10m eller utforma/lokalisert som restareal. Hevdar m.a at areal rundt bygg, ned mot 4m, vanlegvis ikkje er tilstrekkeleg til å kunne fungere som opphaldsareal.
- c) For å oppnå eigna soltilhøve og trafikktryggleik på leik- og uteoppaldsareal føreset ein at det i plankartet er fastsett kvar ulike planføremål skal vere, t.d plassering av leikeplass gjennom bruk av reguleringsføremål og uteoppaldsareal innanfor byggeområda gjennom plassering av bygg, byggegrenser, køyreveggar og parkeringsareal m.m
- d) Erfarar at ein ved planlegging med høg arealutnytting bør vurdere skilje mellom biltrafikk og bustadar for å oppnå effektiv organisering av uteareal og bygg. Samling og konsentrasjon

- av køyrevegar, biloppstilling og garasjeanlegg medfører at ein lettare oppnår tilstrekkeleg trafikktryggleik i forhold til ferdsel mellom bustad, utomhus opphaldsareal og leikeareal.
- e) Viser til utfordringar med å oppnå tilstrekkeleg og eigna utomhus opphaldsareal særleg for konsentrerte og horisontaldelte bustadar som t.d korsdelte 4M-bustader og lågbløkker. Frårår slik bygningstypar (!) med mindre ein under planlegginga får til fellesareal som gjer at framlegget stettar krava i lov, forskrift og RPR.
  - f) Sol-/skuggeanalysen må vise verknader av maksimal utnytting for aktuelle tidspunkt sett ovanfrå med plankartet som underlag. Både leikeplass og uteopphaldsareal innanfor byggjeområdet skal ha tilstrekkeleg sol dvs. minst 50% kl.15 ved vårjamndøgn. Ein hevdar at vanleg tidspunkt i sol og skuggeanalyser er kl.09,12,15,18 og 21 for fire årstider: 20.mars (vårjamndøgn), 22-23 sept. (haustjamndøgn), 20-21.juni (midtsommar) og 20-23 des. (midt vinter)
  - g) Viser elles til RPR T-2/08 vedr. generelle utformingskrav og konkretisering av desse i rettleiaren – herunder krav til stigning maks 1:3, breidd minst 10m, støy maks. 55dB og døme på areal (køyreveg, parkering, fare- og restriksjonsområde som hindrar fri leik) som ikkje skal takast med og varslar motsegn om ikkje tilstrekkeleg og eigna areal for uteopphald og leike er sikra.
- 2) Universell utforming:
- a) Må velje eit konsept som gjev størst mogleg grad av universell utforming av omsyn til brukarane. Viser til Tek10 kap.12. Vil ved off. ettersyn vurdere det endelege resultatet og då særskilt overordna grep for tilkomst, internkommunikasjon, uteområde og fellesanlegg m.m og korleis føringar for UU ligg til grunn er vurdert og nærare fastsett i plandokumenta.
- 3) Automatisk freda kulturminne:
- a) Viser til at det i samband med områdereguleringa i 2010 vart registrert ein steinalderlokalitet innanfor planområdet med ID 138370 og at det må vere samsvar mellom område- og detaljplanen også her. Sikringssona skal difor markerast i plankartet med tilhøyrande føresegn: «kulturminne som er merka i plankartet som rpbg ID138370 kan bli fjerna utan vilkår om utgraving».
  - b) Området er elles registrert, men ein minner om varslingsplikta ved evt. funn.

#### Kommentar:

- 1a) *Det er avsett felles nærleikeplass på 800m2 sentralt i feltet. Både uteopphalds- og leikeareal er eigna for bebuarar på bakkeplan – jfr. ill.plan.*
- 1b) *Stiller oss (framleis) undrande til at breiddekrav 10m skal gjerast gjeldande også for anna uteopphaldsareal. Det er i områdeplanen krav om MUA 15m2/bueining – som skal slåast saman til areal på minst 60m. Eit krav om minste breidde 10m også for MUA vil i praksis bety at eitkvart MUA vil bli på 100m2. Vi deler ikkje synet på at areal med breidde ned mot 4m er ueiga som uteopphaldsareal. Ein veranda med slik djupne vil opplevast som svært romsleg og i mange høve ønskjer ikkje kunden noko større.*
- 1c) *Planformåla er avsett utfrå eit ønske om mest mogleg sol på fasadar, leikeplass og uteopphaldsareal. Viser elles til vedlagte sol-/skuggeanalyse som dokumenterer dette.*
- 1d) *Ein har lagt vekt på å skilje trafikkareal og uteopphaldsareal/leik ved å legge trafikkarealet (veg, carport, parkeringsplass) i ytterkant av planområdet der dette har vore mogleg. Slik har ein oppnådd ein bilfri kjerne i sentrum av bustadane der både leikeplass og anna uteopphaldsareal med eitt unntak kan nåast utan kontakt med trafikkareal. Unntaket gjeld 6M-bustaden nord i BKS1 der ein må krysse avkøyrsla til 4M-bustaden.*
- 1e) *Korsdelte bustadar er ein populær og arealeffektiv bygningstype, og vil også bli brukt her. I vedlagte illustrasjonsplan har vi vist framlegg til plassering av MUA for dei enkelte bygga samla i ytterkant av byggjeformåla.*
- 1f) *Rettleiar for grad av utnytting opererer med krav om minst 50% sol kl.15 ved vårjamndøgn (20.mars). Som tilleggssyting plar vi også utarbeide sol-/skuggeanalyse for midtsommar (21.juni) og for begge datoane ved tidspunkta kl.09,12,15,18 og 21. Påstanden om at det er vanleg å utarbeide analysar for alle fire årstidene kjenner vi ikkje att og analyse for mars og juni vurderast som tilstrekkeleg.*

- 1g) *Alle utformingskrav er imøtekomne både i høve areal, stigning, støy, breidde etc.*
- 2a) *Det er lagt opp til kort og trinnfri tilkomst både til uteoppholdsareal/leik, carport og gjesteparkering. For bustadar på bakkeplan vil krav om tilgjengeleg bustad vere gjeldande.*
- 3a) *Lokaliteten er avmerka i plankartet og omtalt i føresegnene iht. merknad.*

### 9.1.6 Fylkesmannen (10.03.2016)

Innspel:

Området utgjør gammel dyrkamark som tilseier ei høg utnytting ved omdisponering til bustadføremål. Bergsøya er ein sentral del av Herøy- er difor skeptisk til at området får ei lågare utnytting enn områdeplanen legg opp til.

Føreset at barn- og unge sine interesser vert tekne i vare og viser til Pbl §5-1 samt T-2/08 sine rammer. Viser også til F.mannen si satsing «Betre oppvekst» med fokus på barn og une i arealplanlegginga.

Legg særleg vekt på at:

- a) Eigna areal til leik må vere sikra i plankart og føresegner.
- b) Nye bustadområde skal ha minst 50m<sup>2</sup>/bueining til leikeplass og andre friområde.
- c) Innan 50m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minst 200m<sup>2</sup>.
- d) Opparbeiding av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene:
  - a. Leikereal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk.
  - b. Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eitt leikeapparat.

*Kommentar:*

*I samråd med kommunen går ein bort frå ønsket om lågare utnytting og vidarefører formål og utnyttingsgrad som framgår av områdeplanen.*

*Eigna leikeareal er sikra i plan og føresegner iht. innspel. Det er sett av 800m<sup>2</sup> leikeplass for planområdet sentralt i feltet, med gangavstand under 50m frå alle bueiningar. Saman med MUA=15m<sup>2</sup>/bueining og eit stort friluftformål inntil leikeplassen er kravet om minst 50m<sup>2</sup>/bueining til leikeplass og andre friområde ivarettatt. Rekkefølge- og funksjonskrav er tekne inn i føresegnene iht. innspel.*



# Teiknforklaring

- Veranda/balkong/terrasse
- Bustadbygg
- Carport/garasje
- Leikeplass
- Køyreveg
- Gangareal
- Gangveg
- Vegskulder
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkeringsplass
- Grønnstruktur
- MUA
- Friluftsmål
- Formålsgranse områdeplan
- Vassledning
- Overvassledning
- Spillvassledning

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
----------	----------------	-------	----------

<b>Firma</b>	Firma: Per Mulvik AS Adresse: Holmen 7 Postnr./stad: 6100 Volda Org.nr.:	Sentral: 70 07 49 90 Direkte: 70 07 49 94 E-post: jan@mulvik.no
--------------	---	---

Prosjektnavn:  
**Detaljregulering gbr.30/9 Herøy kommune**

Oppdragsgivar:  
**Tomteservice AS  
Indrehovdevegen 64  
6160 Hovdebygda**

Prosjekterande:




**mulvik**  
www.mulvik.no

Titel: <b>Illustrasjonsplan</b>	Teikna av: JMO
	Dato: 20.12.17
	Kontr.av: AN
	Dato: 20.12.17
	Erstatter teikn.:

Teikningstype:  
**PLANILLUSTRASJON**

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2326	951	1:500	



# Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

## Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

**Fylkesmannen** har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

**GisLink** gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: *Detaljregulering for Elsebø – gnr-30 bnr.9 – Herøy kommune - planID: 1515-201705*

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
		<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>		
	a		X	
	B		X	
	c		X	
	d		X	
	e		X	
	f		X	
	g		X	
	H		X	
I		X		
j	Anna (Spesifiser)?			

Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

Vass-forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a		X	
	b		X	
	c	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Kraft- forsyning</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Samferdsel</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d		X	
	e	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Miljø/ Landbruk</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
<b>Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk</b>	a		X	
	b		X	
	c		X	
	d	Anna (spesifiser)?		



Brann/ ulukkes- beredskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårlige tilkomststruter for utrykningskøyrety?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Verksemnds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
d	Anna (spesifiser)?				

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
c	Anna (spesifiser)?				

Sjekklista er gjennomgått den 27/11 - 2017 av sign:



## **Sjekkliste klimatilpassing**

### **1. Flaumfare**

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km<sup>2</sup>):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
